



Høgskulen på Vestlandet

Masteroppgave

MBA516-O-2023-VÅR2-FLOWassign

Predefinert informasjon

| | | | |
|-----------------------|--------------------------|------------------------|----------------------------|
| Startdato: | 02-05-2023 09:00 CEST | Termin: | 2023 VÅR2 |
| Sluttdato: | 15-05-2023 14:00 CEST | Vurderingsform: | Norsk 6-trinns skala (A-F) |
| Eksamensform: | Masteroppgave | | |
| Flowkode: | 203 MBA516 1 O 2023 VÅR2 | | |
| Intern sensor: | (Anonymisert) | | |

Deltaker

| | |
|---------------------|-----|
| Kandidatnr.: | 205 |
|---------------------|-----|

Informasjon fra deltaker

| | |
|----------------------|-------|
| Antall ord *: | 25559 |
|----------------------|-------|

Egenerklæring *: Ja

Jeg bekrefter at jeg har Ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:

Jeg godkjenner autalen om publisering av masteroppgaven min *

Ja

Er masteroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er masteroppgaven skrevet ved bedrift/uirksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei



MASTEROPPGÅVE

Tilsette sin oppfatning av faktorar som påverkar
mattilbodet i norske barnehagar

Staff perceptions of factors influencing food offers in
Norwegian kindergartens

Kandidat nr. 205

Master i barnehagekunnskap

Høgskulen ved Vestlandet

Rettleiar: Hege Wergedahl og Baizhen Ciren

Innleveringsdato 12.05.2023

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle
kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Forord

Masteroppgåva eg skriv handlar om mattilbodet i den norske barnehage. Gjennom meir enn 25 års erfaring med temaet mat og måltid i barnehagen som styrar, har eg frå starten av mi karriere vore opptatt av kva vi serverer barna kvar dag. Når eg deltok i forskargruppa mat og måltid ved Høgskulen på Vestlandet våren 2022, fekk eg eit større innblikk i kva som er vanlig barnehage måltid rundt om i landet. Dette gjorde meg nyfiken på kva det er som gjer at barnehage måltida kan vere like, men likevel ulike. Kva er som styrer at innhaldet hos nokre er brødmatt mens hos andre er det varm mat? Kvifor at nokre vaksne med barna mens hos andre var den vaksne berre ein som laga maten til borna utan å ete saman med dei? Kva var det for faktorar som var med å sette desse ulike rammene i barnehagen? Dette gjorde at mitt val for masteroppgåve falt på tema måltidet i barnehagen.

Å skrive denne masteroppgåva har vert for meg ein ny og individuell prosess. Det å vere i ei «masterboble» har somme tider vert krevjande, men samtidig lærerikt. Eg vil sei tusen takk til alle dei pedagogane og styrarane som tok seg tid i ein elles travel kvardag å sette seg ned og gje av sin kompetanse slik at eg kunne bruke den i mitt arbeid med denne masteren. Oppgåva hadde ikkje vert til utan dykk! Eg er veldig takknemleg for hjelpa til mine rettleiarar, Hege Wergedahl, professor ved Høgskulen på Vestlandet og Baizhen Ciren, høgskulelektor ved Høgskulen på Vestlandet. Dykk har vert konkrete, positive og strukturerte i tilbakemeldingane med gode råd og rettleiing gjennom heile prosessen frå råmateriale til ferdig. Tusen takk!

Hjarteleg takk til mi kjære dotter for alltid å sjå ei løysning på det eg ikkje såg like løysningsorientert på. Det har vert til stor hjelp for meg i mange stunder. Takk til gode og kunnskapsrike venninner som har tatt seg tid å lese. Ein varm og god takk mine fine medstudentar som har vert med å støtta opp gjennom heile prosessen, dykk veit kven dykk er!

“Every child needs at least one adult who is irrationally crazy about him or her.”

—Urie Bronfenbrenner

Samandrag

I dag går det 268 730 barn i barnehagen. Det er 93,4 % av alle 1 – 5 åringar i Norge. (Statistisk sentralbyrå, 2022). Kvar dag i barnehagen har barn inntil tre måltid, som gjennom tida i barnehagen blir ca. 3000 måltid. Barnehagen har eit samfunnsmandat knytt til mat og måltid i barnehagen og er med det ein god arena for å utjamne sosiale ulikskapar og vere med å gje born eit godt grunnlag for eit godt kosthald som kan følgje dei heile livet. Måltidet i barnehagen er difor ikkje berre eit måltid, men ein sentral og viktig del av barnet si utvikling. Problemstillinga til denne studien er :

«Kva oppfatning har styrarar og pedagogiske leiarar av faktorar som påverkar mattilbodet i barnehagen»

Denne studien ser på nokre valte faktorar som er sentrale kring mat og måltid i barnehagen, og kva for påverknad desse har på måltidet og rammene rundt. Kva meiner barnehagetilsette om desse faktorane sin påverknad på mattilbodet og på kva måte er dei same faktorane med å legge føringar for barnehagen sitt mattilbod? Er barnehagetilsette tilfreds med måltidet i barnehagen? Ved å få tilsette sine meiningar og sjå dei i lag med teori og tidlegare forskning på temaet mat og måltid i barnehagen, har det gitt eit inntrykk av kva som er med å sette rammene rundt eit måltid i barnehagen.

Studien er ein kvalitativ fenomenologisk inspirert studie basert på erfaringane til styrar og pedagogiske leiarar i tre geografiske ulike barnehagar i Norge. Problemstillinga til studien blir klargjort gjennom litteratur og semistrukturerte intervju. Gjennom intervju av styrarar og pedagogiske leiarar i tre barnehagar i Norge, har dei gitt eit innblikk på innsida av barnehagen sin måltidsituasjon. For å belyse funna i studien er det nytta Urie Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell. Bronfenbrenner sin modell er brukt for å analysere påverknaden til dei ulike valte faktorane på mattilbodet i barnehagen i samspelet med dei tilsette og barna. Teori og intervju er det som dannar grunnlaget for analysen.

Ikkje uventa viser resultatet at faktorane i studien har ulik grad av påverknad på måltidet i den norske barnehage. Faktorane som synte seg å ha størst påverknad var styringsdokumenta helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen og rammeplanen for barnehagar. Sjølv om tilsette ikkje siterte frå helsedirektoratet sine retningslinjer, eller direkte frå rammeplanen under intervju, var det tydeleg at retningslinjene for mat og måltid i barnehagen og fagområda frå rammeplanen var godt representerte før, under og etter barnehagane sine måltid. Barnehagelærarane sin kunnskap når det gjaldt mat og sunt kosthald

kom frå eigen interesse for temaet. Barnehagelæruddanninga viste seg som omtrent fråverande når det gjaldt mat og ernæring. Den økonomiske påverknaden syntte seg å handle meir om kva barnehagetilsette ville hadde hatt meir av, som ekstra bemanning, ikkje så mykje på sjølve innhaldet i måltidet. Barnehagetilsette meiner sjølv dei har påverknad på måltidet, noko som også studien kom fram til. Det kan likevel virke som det er nokre rammer, blant anna barnehagen sin mattradisjon, som er med å sette grensar for kva dei tilsette kan tilføre og påverke måltidet. Barn og føresette er to faktorar som har liten påverknad på barnehagen sitt måltid. Studien syner at dei får komme med innspel og tilsette tar omsyn til kva barna ynskjer av t.d. pålegg, men det er likevel ikkje barna eller føresette som er av dei styrande element når det gjelder måltidet i barnehagen.

Denne studien syner at det er sentralt kva kunnskap tilsette i barnehagen har når det gjelder å sikre barn eit sunt kosthald. Den viser, som tidlegare forskning, at det behov for å auke den matfaglege kunnskapen til tilsette i barnehagen. Mangelfull kunnskap kan vere ein medverkande faktor til at barnehagemåltidet ikkje blir det næringsfulle måltidet som barn treng i ein aktiv barnehagekvardag. Eit godt kosthald i barnehagen er også eit godt bidrag til å gje barna gode kosthalds vaner. Vanar dei tar med seg vidare inn i vaksenlivet. Utifrå funna i denne studien er fokus på mat og ernæring i utdanningsløpet for barnehagelærarar omtrent fråverande. Er dette noko som bør sjåast i nytt lys, eller bør det vere ernæringsutdanna personar som har hovudansvaret for mat og måltid i barnehagane for å sikre barna eit næringsrikt kosthald? Mogeleg det er tid for ein studie som er tilrettelagt slik at barna får komme med sine egne meiningar? Der det i etterkant også utgjer ein forskjell som kjem barna til gode!

Summary

Today, 268,730 children attend kindergarten. This is 93.4% of all 1-5 year olds in Norway. (Statistics Norway, 2022). Every day in the kindergarten children have up to three meals, which during their time in the kindergarten becomes approx. 3000 meal. The kindergarten has a social mandate linked to food and meals in the kindergarten and is therefore a good arena for leveling social inequalities and helping to give children a good basis for a good diet that can follow them throughout their lives. The meal in the kindergarten is therefore not just a meal, but a central and important part of the child's development. The problem statement for this study is:

" What opinion do board members and educational leaders have of factors that affect the food offer in the kindergarten"

This study looks at some selected factors that are central to food and meals in kindergarten, and what impact these have on the meal and the surrounding environment. What do kindergarten staff think about the impact of these factors on the food offer and in what way are the same factors in setting guidelines for the kindergarten's food offer? Are the kindergarten staff satisfied with the meal in the kindergarten? By being able to add employee opinions and see them alongside theory and previous research on the topic of food and meals in kindergarten, it has given an impression of what is involved in setting the framework around a meal in kindergarten.

The study is a qualitative phenomenologically inspired study based on the experiences of board members and educational leaders in three geographically different kindergartens in Norway. The problem statement for the study is clarified through literature and semi-structured interviews. Through interviews with directors and educational leaders in three kindergartens in Norway, they have given an insight into the inside of the kindergarten's mealtime situation. To illustrate the findings of the study, is used Urie Bronfenbrenner 's developmental ecology model. Bronfenbrenner 's model is used to analyze the impact of the various selected factors on the food offer in the kindergarten in the interaction with the employees and the children. Theory and interviews form the basis of the analysis.

Not unexpectedly, the results show that the factors in the study have different degrees of influence on the meal in Norwegian kindergartens. The factors that appeared to have the greatest impact were the Norwegian Directorate of Health's governing documents, guidelines for food and meals in kindergartens and the framework plan for kindergartens. Although

employees did not quote from the Directorate of Health's guidelines, or directly from the framework plan during the interview, it was clear that the guidelines for food and meals in the kindergarten and the subject areas from the framework plan were well represented before, during and after the kindergartens' meals. The kindergarten teachers' knowledge of food and healthy eating came from their own interest in the topic. Kindergarten teacher training turned out to be almost non-existent when it came to food and nutrition. The financial impact seemed to be more about what the kindergarten staff would have had more of, such as extra staffing, not so much about the content of the meal itself. Kindergarten staff believe they themselves have an influence on the meal, something the study also found. It may still seem that there are some frameworks, including the kindergarten's food tradition, which help to set limits on what the employees can add to and influence the meal. Children and guardians are two factors that have little influence on the kindergarten's meal. The study finds that they are allowed to have input and staff take into account what the children want from the toppings, but it is still not the children or guardians who are the controlling element when it comes to the meal in the kindergarten.

This study finds that it is central what knowledge kindergarten staff have when it comes to ensuring children a healthy diet. It shows, like previous research, that there is a need to increase the nutritional knowledge of employees in the kindergarten. Insufficient knowledge can be a contributing factor to the fact that the kindergarten meal does not become the nutritious meal that children need in an active day in kindergarten. A good diet in the kindergarten is also a good contribution to giving the children good dietary habits. Habits they carry on into adulthood. Based on the findings in this study, the focus on food and nutrition in the education course for kindergarten teachers is almost non-existent. Is this something that should be seen in a new light, or should it be nutrition-educated people who have the main responsibility for food and meals in the kindergarten`s to ensure the children a nutritious diet? Perhaps it is time for a study that is designed so that the children can come up with their own opinions? Where afterwards it also makes a difference that benefits the children!

Innhold

| | |
|---|----|
| Forord | 2 |
| Samandrag | 3 |
| Summary | 5 |
| 1.0 Innholds beskriving | 11 |
| 1.1 Introduksjon tidlegare forskning og teoretisk forankring. | 11 |
| 1.2 Problemstilling | 12 |
| 2.0 Tidlegare forskning og styringsdokument..... | 12 |
| 2.1 Tal barnehagar og barn..... | 12 |
| 2.2 Måltidet i barnehagen..... | 13 |
| 2.3 Måltidet sin betydning i barnehagen | 14 |
| 2.4 Betydning av eit sunt kosthald i barnehagen..... | 15 |
| 2.5 Tilsette sin kunnskap og haldning til måltid | 16 |
| 2.6 Kva har økonomi å sei? | 18 |
| 2.7 Sentrale tema å nemne når det gjeld mat, måltid og mattilbodet i barnehagen..... | 18 |
| 2.7.1 Helsedirektoratet | 19 |
| 2.7.2 Kva inneheld helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen | 20 |
| 2.7.3 Rammeplan for barnehagen | 20 |
| 2.7.4 Barnehagelæraren..... | 21 |
| 2.7.5 Utdanning | 22 |
| 2.7.6 Økonomiske rammer. | 23 |
| 2.7.7 Føresette sin påverknad | 24 |
| 2.7.8 Barnet | 25 |
| 3.0 Teori | 25 |
| 3.1 Bakgrunn til Urie Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell | 26 |
| 3.1.1 Kvifor Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell? | 26 |
| 3.2 Modellen og dei ulike nivåa | 27 |

| | |
|--|----|
| 3.2.1 Mikrosystemet | 28 |
| 3.2.2 Mesosystemet | 28 |
| 3.2.3 Eksosystemet | 28 |
| 3.2.4 Makrosystemet | 29 |
| 3.2.5 Kronosystemet..... | 30 |
| 4.0 Metode..... | 30 |
| 4.1 Kvalitativ metode for studien | 30 |
| 4.2 Informantar..... | 31 |
| 4.2.1 Strategisk utval | 31 |
| 4.2.2 Utval av informantar. | 32 |
| 4.2.3 Skildring av barnehagane som er med | 32 |
| 4.2.4 Innhenting av datamateriell..... | 33 |
| 4.3 Intervju | 33 |
| 4.3.1 Semistrukturert intervju..... | 33 |
| 4.3.2 Testing av instrument | 34 |
| 4.3.3 Gjennomføring av intervju..... | 34 |
| 4.4 Dataanalyse. | 36 |
| 4.4.1 Transkribering. | 36 |
| 4.4.2 Analysere..... | 36 |
| 4.5 Evaluering av metodeval | 38 |
| 4.5.1 Fenomenologisk inspirert perspektiv. | 38 |
| 4.5.2 Styrker og svakheiter..... | 38 |
| 4.5.3 Validitet, reliabilitet og generalisering..... | 39 |
| 4.6 Ethiske omsyn | 41 |
| 4.6.1 Profesjon og forskar | 41 |
| 4.6.2 Ansvarsetikk..... | 42 |
| 4.6.3 SIKT og samtykke..... | 42 |

| | |
|--|----|
| 5.0 Funn..... | 43 |
| 5.1 Presentasjon av barnehagane..... | 43 |
| 5.1.1 Barnehage A..... | 43 |
| 5.1.2 Barnehage B..... | 43 |
| 5.1.3 Barnehage C..... | 44 |
| 5.2 Faktorane sin påverknad på mattilbodet i barnehagen..... | 44 |
| 5.2.1 Påverknaden til helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen. | 44 |
| 5.2.2 Tilsette sin oppfatning av rammeplanen sin påverknad..... | 45 |
| 5.2.3 Barnehagelærarar utdanning, kva har den betydd i høve kompetanse om mat..... | 46 |
| 5.2.4 Korleis har økonomi påverknad på måltidet i barnehagen. Delt i kostpengar og bemanning..... | 47 |
| 5.2.5 Tilsette om eigen påverknad på mattilbodet..... | 48 |
| 5.2.6 Føresette sin rolle i høve mattilbodet til barnehagen..... | 49 |
| 5.2.7 Barna sin påverknad på mattilbodet..... | 49 |
| 5.2.8 Matglede og matkultur i barnehagen..... | 50 |
| 5.2.9 Tilsette sine meiningar om barnehagane sine måltid..... | 50 |
| 6.0 Drøfting av funna..... | 51 |
| 6.1 Helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid med barnehagen sine rutinar | 51 |
| 6.2 Rammeplanen for barnehagen..... | 54 |
| 6.3 Barnehagelærar utdanning..... | 55 |
| 6.4 Økonomiske rammer rundt eit måltid i barnehagen..... | 56 |
| 6.5 Tilsette i barnehagen..... | 56 |
| 6.6 Føresette og familie..... | 58 |
| 6.7 Barnet og mattilbodet..... | 59 |
| 6.8 Mattilbodet og det felles ansvaret for maten i barnehagen..... | 60 |
| 6.9 Måltidet sin posisjon og rolle i den norske barnehagen..... | 61 |
| 6.10 Bronfenbrenner sin modell og livsløpet..... | 62 |

| | |
|--|----|
| 6.11 Faktorane sin plassering i Bronfenbrenner sin modell..... | 62 |
| 6.12 Studien sine svakheiter og styrker..... | 63 |
| 7.0 Avslutning..... | 64 |
| Referanser: | 66 |
| | |
| Figur 1 Hennem & Østrem sin profesjonstrekant | 22 |
| Figur 2 Bronfenbrenner sin modell | 27 |
| Figur 3 Bronfenbrenner sin modell | 63 |
| | |
| Tabell 1 Oversikt over tal barnehagar og barnehagebarn i Norge | 11 |
| Tabell 2 Oversikt over barnehagane sin storleik | 31 |
| | |
| Vedlegg: | |
| Vedlegg 1 Informasjon til barnehagane i forkant | |
| Vedlegg 2 Samtykkeskjema til informantane side 1-3 | |
| Vedlegg 3 Intervjuguide styrar og pedagogisk leiar side 1-3 | |
| Vedlegg 4 Meldeskjema frå SIKT side 1-3 | |

1.0 Innholds beskriving

Mat og måltid i barnehagen er eit meir og meir aktuelt tema. Forsking rundt dette er eit gryande felt (Ryslett & Håberg, 2022), men det blir stadig fleire artiklar og merksemd rundt tema kosthald og ernæring i barnehagen. Berre på nettsida til barnehage.no er det publisert fleire artiklar (barnehage.no). I helsedirektoratet (2012) sin rapport «*Måltider, fysisk aktivitet og miljørettet helsevern i barnehagen*» der formålet var å få kunnskap om tilbodet av mat og drikke i lag med organiseringa av måltid, vart styrar og pedagogiske leiarar spurt kva dei meinte var viktige faktorar for å sikre barn i barnehage eit sunt mat og måltidstilbod. Svara dei kom med var dokumentasjon i årsplanar, følgje offentlege retningslinjer for mat og måltid i barnehagen, påverke personalet sine haldingar og eit tett foreldresamarbeid. Tilgang til kjøkkenassistent eller kokk kom og fram som ein vesentleg faktor (Helsedirektoratet, 2012). Også Aadland et al., (2014) tar for seg fysiske faktorar sin betydning for mat og måltidet i barnehagen (Aadland et al., 2014). Dei såg på fysiske faktorar som mattilbod, bygningsmessige fasilitetar og det fysiske nærmiljøet (Aadland et al., 2014). I helsedirektoratet (2012) sin rapport kjem det fram at strukturelle faktorar som lagringsplass og kjøkken hadde liten betydning når det gjaldt mat og måltid. I denne studien har eg valt å ikkje ta omsyn til fysiske og strukturelle faktorar. Studien ser på eit utval kjente faktorar som også er sentrale innanfor barnehage. Slike kjente faktorar er styringsdokument for barnehagen som helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen – rammeplanen for barnehagar – barnehagelærer utdanning - økonomi - tilsette – føresette og barnet. Faktorane er og valt basert på egne erfaringar etter meir enn 25 års erfaring frå praksisfeltet. Mine tankar kring dette er om ein ved å sjå på eit utval av faktorar, ser korleis dei påverkar mattilbodet i barnehagen. Kva for påverknad har dei, og kor stor innflytelse har dei for barnehagen sitt måltid? Noko av det som interesserte meg i forkant av denne masteroppgåva når det gjelder mattilbodet i den norske barnehagen, var ikkje akkurat kva for mat som blei servert i barnehagane, derimot grunnen til at barnehagar var ulike i sin måte å tilby eit godt måltid til barna. Gjennom å delta i forskingsgruppa mat og måltid ved Høgskulen på Vestlandet våren 2022, vart eg veldig merksam på dette. Ved å besøke tre ulike barnehagar på tre ulike plassar i landet, har eg fått eit lite innblikk i dei valte faktorar sin påverknad gjennom intervju av tilsette der dei har fortalt sine meiningar om mattilbodet i eigen barnehage.

1.1 Introduksjon tidlegare forskning og teoretisk forankring.

Eit mattilbod i ein barnehage blir påverka av fleire faktorar som alle på sin måte er med på å bestemme kva som blir servert til barna som måltid i barnehagen sin kvardag. Eg har valt

nokre faktorar som eg vil sjå kva for påverknad har på barnehagen sitt måltid og rammene rundt. Dette vil eg gjere gjennom tilsette sine meiningar om eige barnehagemåltid. Mitt utval er gjort i høve kjente faktorar som er barnehagen sine rammer, og vil vere eit utval. Dei vil ikkje representere alle faktorar som har påverknad på eit måltid i barnehagen.

1.2 Problemstilling

Denne studien ser på kva oppfatningar tilsette i tre barnehagar har om faktorar sin påverknad på barnehagen sitt måltid. Problemstillinga eg har valt er difor:

Kva oppfatning har styrarar og pedagogiske leiarar av faktorar som påverkar mattilbodet i barnehagen?

Ved å gjennomføre intervju med styrarar og pedagogiske leiarar i tre barnehagar vil det vere med å gje eit innblikk i kva tilsette som dagleg er saman med barna i måltidsituasjon, meiner om dei valte faktorar sin påverknad på barnehagen sitt måltid. Sett i lag med aktuell teori og tidlegare forskning omkring temaet mat og måltid i barnehagen, håpar eg å kunne få eit svar på problemstillinga til studien.

2.0 Tidlegare forskning og styringsdokument

Dette avsnittet viser til eit utval av tidlegare forskning innanfor tema mat og måltid i barnehage, saman med oversikt over tal barnehagar og tal barn som dagleg går i barnehage. Styringsdokumenta til barnehagen og dei andre valte faktorane vil bli presentert i dette avsnittet.

2.1 Tal barnehagar og barn

I dag er det 5420 barnehagar i Norge, der 2618 er offentlege og 2802 er private, og 93,4 % av barna i Norge mellom 1 – 5 år går i barnehage (Statistisk sentralbyrå, 2022). Tabellen under er henta frå Statistisk sentralbyrå og viser ei oversikt over tal barnehagar i lag med tall barn og korleis dei er fordelt alders messig dei siste fem åra.

Tabell 1. Oversikt over barnehagar og barnehagebarn i Norge.

| | 2022 | Endring frå fjoråret | Endring siste 5 år |
|---|--------|-------------------------|-----------------------|
| Tall barn i barnehage | 268730 | 265 | -12 892 |
| Del barn 1 – 5 år | 93,4 % | 0,6 % | 1,4 % |
| Del barn 1 – 2 år | 87,7 % | 1,4 % | 2,5 % |
| Del barn 3 - 5 år | 97,2 % | 0,2 % | 0,3 % |
| | | | |
| Tall barnehagar | 5 420 | -105 | -456 |
| Del offentlege barnehagar | 48 % | 1 % | 2 % |
| | | | |
| Tilsette i alt | 95 706 | 505 | 1 166 |
| Del styrarar og pedagogiske leiarar med barnehagelærarutdanning. | 92 % | 0,0 % | 1,1 % |

Kjelde: (Statistisk sentralbyrå, 14. april 2023)

2.2 Måltidet i barnehagen

At så mange barn går i barnehage gjer barnehagen til ein god arena for å utjamne sosiale ulikskapar (Eng et al., 2021). Barna har vanligvis inntil tre måltid for dagen i barnehagen som utgjer frukost, lunsj og ettermiddagsmåltid. Gjennom sin barnehagetid har barna inntil 3000 gongar der dei setter seg til bords for eit måltid (Forbrukerrådet, 2018). Barnehageåra legger grunnlaget for god helse gjennom livet, og måltida i barnehagen betyr derfor mykje for kvart enkelt barn og samtidig for samfunnet (Forbrukerrådet, 2018). Kamisaka & Wergedahl syner til kartlegging når dei viser til at det mest vanlege måltidet i barnehagen er eit måltid som inneheld grovt brød og ulike typar pålegg, og maten som serverast i barnehagen ofte er ein blanding av matpakke frå heimen og servert mat i barnehagen (Kamisaka & Wergedahl, 2022). I følgje helsedirektoratet (2012) sin rapport blir varm lunsj servert ein eller fleire gongar i veka i dei fleste barnehagar (Helsedirektoratet, 2012). Forbrukerrådet (2018) viser til at nokre barnehagar serverar varm mat kvar dag, og at det er ein del variasjon blant barnehagane når det gjeld mattilbodet (Forbrukerrådet 2018). Wergedahl et al., 2021 sin case-studie av to barnehagar i Norge viste at tilgjengelegheita av påleggstypar i brødmåltidet

påverka barna sitt matinntak. Dei barna som hadde størst utval av påleggstypar hadde eit meir variert matinntak i barnehagen (Wergedahl et al., 2021). Himberg-Sundet et al., 2019, ein norsk barnehagestudie, fant at barn hadde eit høgare grønsaksinntak i dei barnehagane som serverte grønsaker ofte (Himberg-Sundet et al., 2019). Desse studiane er ifølgje Kamisaka & Werdedahl eksemplar på at barn sitt matinntak i barnehagen er avhengig av kva for mattilbod barnehagen har (Kamisaka & Wergedahl, 2022). Når helsedirektoratet kom med sin rapport «*Måltider, fysisk aktivitet og miljørettet helsevern i barnehagen*» frå 2012, hadde den som formål å få kunnskap om tilbodet av mat og drikke i lag med organiseringa av måltid i landets barnehagar. Rapporten vart samanlikna med ein tilsvarende rapport som helsedirektoratet gjorde i 2005 (Helsedirektoratet, 2005) som gjorde at rapporten frå 2012 kunne sjå på ei utvikling over tid (Helsedirektoratet, 2012). Rapporten synte at det daglege tilbodet av mat og drikke i landets barnehagar på mange måtar er innanfor det som myndighetane anbefaler, og tiltak som vart iverksett av myndighetene hadde positiv effekt. Det hadde skjedd ein rekke positive forbederingar i barnehagane ved mattilbodet samanlikna med rapporten i 2005. Det er likevel ein utfordring som framleis peiker seg ut, å auke tilbodet av grønsaker i barnehagen sitt måltid (Helsedirektoratet, 2012).¹

2.3 Måltidet sin betydning i barnehagen

Mat og måltid i barnehagen er ein del av barnehagen sitt folkehelsearbeid og samfunnsmandatet knytt til mat og måltid i barnehagen kjem til uttrykk gjennom sentrale føringar som barnehagelova (Kunnskapsdepartementet, 2005), rammeplanen for barnehagar (Kunnskapsdepartementet, 2017) og helsedirektoratet (2018) sine *Retningslinjer for mat og måltider i barnehagen* (Ryslett & Håberg, 2022). I følge barnehagelova skal barnehagen ha «*en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.*» (Kunnskapsdepartementet, 2005). I rammeplanen står dette om mat og helse: «*Gjennom medverking i mat- og måltidsaktiviteter skal barna motiverast til å ete sunn mat og få grunnleggande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse*» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 49). Barnehagen skal difor legge til rette for at barna får oppleve likskap og får kjennskap til sunn mat og eit godt kosthald. Personalet skal vere med å legge til rette for at måltidet og matlaging i barnehagen bidrar til glede over eit måltid, gode samtalar og bidreg til å skape ein fellesskapsfølelse hos barna (Kunnskapsdepartementet,

¹ *Handlingsplanperioden er etter ei midtveis vurdering utvida til å gjelde til 2023.*

2017, s. 50). Helsedirektoratet sine retningslinjer anbefaler at barnehagen gjev barna moglegheit for minst tre faste måltid kvar dag, at barna får eit variert kosthald med mykje grønnsaker, frukt og bær. Det er også vekt på å servere meir fisk og mindre av kjøtt, salt og sukker. Dei anbefaler å la måltida ha ei tidsramme på inntil 30 min. slik at alle barna får god tid til å ete, samt at personalet deltar aktivt i måltidet. Fokus på miljø og lite matsvinn, hygiene og måltidet sin pedagogiske funksjon er også blant retningslinjene (Helsedirektoratet, 2018). Retningslinjene inneheld altså myndigheitene sine råd og anbefalingar til alle landets barnehagar, og gjev dermed personale eit felles grunnlag å legge til rette for at barn skal få eit sunt og godt kjennskap til mat og kosthald frå barnehagen.

I 2017 kom regjeringa med *Nasjonal handlingsplan for bedre kosthold (2017 – 2021)*, der det blir vist til at forskning, utvikling og innovasjon er viktige tiltak som skal bidra til høg kvalitet i folkehelsearbeidet, i lag med kunnskap som er nyttig for at befolkninga skal kunne oppleve leveår med god helse og vere med å redusere sosial ulikskap (Helse- og omsorgsdepartementet, 2017). Det å velgje sunn, god og rimeleg mat i kvardagen skal vere enkelt, og saman kan myndigheiter, private aktørar og organisasjonar utgjere ein forskjell i kostholdet til folk flest. Samt at mat og måltid kan brukast som pedagogisk verkemiddel i barnehage (Helse- og omsorgsdepartementet, 2017). Handlingsplanen har velt seg tre av FNs 17 berekrafts mål som viktige, og eit av dei lyder: «*Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder*» (Helse- og omsorgsdepartementet, 2017). Regjeringa kjem her med ein handlingsplan som gjelder for alle av landet sin befolkning, der dei viser til betydninga av at ein i fellesskap jobbar for gode helsevilkår og reduksjon av sosiale ulikskapar. Eit arbeid som startar allereie i barnehagen.

2.4 Betydning av eit sunt kosthald i barnehagen

Sjølv om barnehagemåltidet er eit gryande forskingsfelt, er det mange årsaker til at å sikre eit sunt kosthald blant barnehagebarn er viktig (Ryslett & Håberg, 2022). Studien til Eng et al., (2021) som baserer seg på datagrunnlaget med innsamla informasjon frå 324 norske barnehagar, viser at kosthald har betydning for helsa, at matvanar som blir etablerte i barndommen ofte blir tatt med inn i vaksenlivet og at eit næringsrikt kosthald er med på å fremme utvikling, trivsel og livskvalitet (Eng et al., 2021). Dei syner til at på same måte som eit sunt kosthald vil bidra til å fremme god helse, vil eit usunt kosthald bidra til å auke risiko for livsstilrelatert sjukdom og overvekt (Eng et al., 2021). Også Ryslett & Håberg (2021) sin studie som såg på korleis seks barnehagar jobba med barna sin måte å tileigne seg nye smakar

og utvikle smakspreferansane sine, viser til viktheta av eit sunt kosthald hos barn (Ryslett & Håberg, 2021).

I 2020 kom Villegas et al., med artikkelen «*Barriers to Implementing a Healthy Habits Curriculum in Early Childhood Education: Perspectives from Childcare Providers and Teachers*» der dei intervjuar 35 personar som jobba som lærarar og omsorgspersonar blant barn i førskule og barnehage i USA. Studien tok sikte på å undersøke behova til tilsette i barnehage når det gjaldt å implementerer læreplanar for sunne vanar for barn i alderen 4 – 6 år (Villegas et al., 2020). Dei meiner som forskning i Norge, at det å lære barn om sunne val når det gjeld kosthald og aktive livsstilar kan gje langsiktig helsegevinsts og påverke overvekt. Dei meiner barnehagen er ein god plass for å gje borna gode verktøy i tidleg alder som er med å gje borna gode vanar dei kan ta med seg inn i vaksenlivet (Villegas et al., 2020).

2.5 Tilsette sin kunnskap og haldning til måltid

Sjølv om barnehagen er ein god plass for å gje barna gode vanar dei kan ta med seg inn i vaksenlivet, viser forskning at det herskar tvil og kunnskap blant tilsette på korleis dette best skal kunne gjerast. Ein studie utført i Danmark i 2013, viser at danske pedagogar i barnehagen har eit godt kjennskap til dei næringsmessige retningslinjene i mat og måltidspolitikken, men at det er vanskelegare for dei å beskrive måltidspedagogiske retningslinjer, mål og praksisar. Pedagogane er godt kjent med kva barna skal og bør ete, men dei er meir usikre på korleis dei skal få barna til å ete det dei bør, i lag med kva for rolle dei sjølv som pedagog skal ha i den forbindelse (Litteraturstudie for Fødevarestyrelsen, 2013). Også Fossgard et al., (2016) sin studie der fokuset var lunsjmåltidet sin gjennomføring med tanke på dei sosialiserande aspekta, viste at sjølv om dei tilsette var opptatt av å vere gode rollemodellar for barna gjennom måltidet, vart det likevel utført forskjellig. Dette meiner Fossgard et al. tyder på manglande fokus på måltidet som ein sosialiserande arena både i utdanninga til barnehagelærar og hos leiinga i barnehagen (Fossgard et al., 2016). Aadland et al., (2014) viser til pedagogen som ein av dei viktigaste rollemodellane for barn når det gjelder måltidet i barnehagen. Barna sine matvanar påverkast av kva dei vaksne et og kva dei ikkje et. Pedagogen sin haldning til det pedagogiske måltidet er derfor vesentleg. Ein aktiv deltakande pedagog er ein sterkare rollemodell enn pedagogen som berre gjev verbale beskjedar til barna på kva som var sundt for dei å ete. Ved at pedagogen åt saman med barna, førte det til at barna smakte på meir ukjent mat saman med pedagogen. Det framheva også gode vaner ved bordet hos barna (Aadland et al., 2014).

Tilsette sin kunnskap og haldning til barnehagen sitt måltid er viktig i høve korleis måltida blir gjennomført. Artikkelen til Johannessen et al., (2018) som såg på barnehagetilsette sin erfaring med ein helsereelatert matintervensjon, synte at det ikkje alltid var like positivt. Personalet gav uttrykk for at det å lage mat var tidskrevande, tok fokuset vekk frå andre oppgåver, og nokre syntest det førte til stress (Johannessen et al., 2018, s. 38). Johannessen et al., meiner det kan tyde at mangel på kunnskap er ein påverkande faktor til dette. For at barna skal få kjennskap til sunn mat som t.d. grønsaker, kan det tyde på at opplæring av personalet i matlaging er nødvendig (Johannessen et al., 2018, s. 42). At det er viktig med personale sin kunnskap og haldningar når det gjeld mat og måltid viser også Kamisaka & Wergedahl, (2022) til. Dei tar fram viktigheita av å ha eit mattilbod i tråd med nasjonale kosthaldanbefalingar, og viser til (Sallis, 2008) når dei skriv at tilsette i barnehagen sine kunnskapar og haldningar er viktige personlege faktorar i lag med sosiale og større samfunnsmessige faktorar som kan påverke helsereelatert åtferd (Kamisaka & Wergedahl, 2022). Ryslett & Håberg, (2021) kjem med ei løysning som kanskje fleire barnehagar ville ha nytta om mogeleg. Dei kjem med forslag om at pedagogane, som har lite mat og helse i si utdanning, ikkje skal ha hovudansvar for maten i barnehagen. Dei meiner tilsetting av ernæringskokk eller likande ville kunne vere ei god løysning (Ryslett & Håberg, 2021).

Ein artikkel publisert april 2022 i utdanningsnytt av Marianne Strand, refererer til kva matforskar Siril Alm sitter igjen med erfaringar etter doktorgraden ho tok i 2015 innanfor tema mat og barn og korleis kosthald påverkast av sosiale forhold (Strand, 2022). Siril Alm er førsteamanuensis og klar i sin tilråding når ho seier at alle omsorgspersonar, inkludert barnehagar har eit ansvar for at barn får tilgang til mat som hjelper dei til å bli sunne og sterke. Alm meiner at for å unngå sosiale forskjellar, må barnehagane sørge for at alle barn får eit godt og næringsrikt måltid. Då har alle barn like forutsetningar for å fungere kognitivt og er mottakelege for pedagogisk læring (Strand, 2022). Alm viser og til at om omsorgspersonar berre serverar mat som barna automatisk likar, kan barn halde fram med å vere matkresen også i voksen alder og dermed utvikle eit mangelfullt kosthald (Strand, 2022). Også Ryslett & Håberg, (2022) viser til viktigheita av å sikre eit sunt kosthald blant barnehagebarn som til vanlig har 2 – 3 måltid kvar dag (Ryslett & Håberg, 2022). Dei tar fram barnehagen som ein av dei viktigaste arenaer for folkehelsearbeid retta mot barnepopulasjonen 1 - 6 år. Barnehagebarn har utfordrande og lange dagar. Dei treng difor sunn og tilstrekkeleg mat slik at dei har overskot til barnehagen sine mange aktivitetar (Ryslett & Håberg, 2022). Ryslett & Håberg er klare på at det framleis er familie og føresette som har det grunnleggande ansvaret

for barnet sitt kosthald, men at barnehagen har fått eit auka ansvar det siste tiåret for barna sine matvanar (Ryslett & Håberg, 2022). Også artikkelen til Ciren, (2021) *Mat- og måltidspolitik og retningslinjer i barnehager i Norge og Kina: En komparativ analyse* viser til at barnehagen har potensiale til å påverke barn sitt mat val og vanar i tidleg alder, og dermed kan vere med å forebygge ernæringsrelaterte sjukdommar seinare i livet (Ciren, 2021).

2.6 Kva har økonomi å sei?

Mat i barnehagen har også ei økonomisk side. Økonomi er ein faktor når det gjelder barnehagen både i høve drift og i forhold til innhald i barnehagen sitt måltid. Kva som blir brukt til innkjøp kjem mykje ann på kva barnehagen har i kostpengar som føresette betalar kvar månad i lag med betaling for barnehageplassen. Himberg-Sundet et al., (2018) har utført ein studie der konklusjonen synte at det økonomiske miljøet i ein barnehage er positivt forbundet med grønsakene som blir servert og blir ete i barnehagen. Der barnehagane inkluderte utgifter til mat og drikke i foreldrepengane, vart det servert og ete eit større utval av grønsaker. Enda større auke i inntak av grønsaker var det i dei barnehagane der tilsette betalte ein månadleg kostnad for å ete i lag med barna. Barnehagane som opplevde budsjettfriheit kjøpte og serverte meir grønsaker (Himberg-Sundet et al., 2018). Nyleg kom Fjæra et al., med ein artikkel som tar opp kva økonomi betyr for kvaliteten av mat som blir servert i barnehagane. Dei viser til at matbudsjett ofte blir sett på som ei barriere med tanke på eit sundt kosthald i barnehagen og studien sin intensjon var å sette meir fokus på dette spørsmålet (Fjæra et al., 2022). Resultatet frå denne studien syner at matbudsjettet i barnehagen skulle vere veldig lågt før det vart forskjell i kosthaldskvaliteten til maten. I konklusjon tok dei fram at det er ein risiko for at ein berre trur at matbudsjett heng saman med kosthaldskvalitet i ein barnehagesetting. Dei meiner derfor det er behov for å utforske og forstå andre faktorar som kan vere viktigare enn matbudsjettet for å auke kosthaldskvaliteten i barnehagane (Fjæra et al., 2022).

2.7 Sentrale tema å nemne når det gjeld mat, måltid og mattilbodet i barnehagen.

Tidlegare forskning innanfor mat og måltid i barnehagen har vist at det er fleire viktige faktorar som er med å påverke mattilbodet i barnehagen. I denne studien har eg sett nærmare på faktorar som er sentrale når det gjelder mat og måltid i barnehagen saman med mattilbodet i barnehagen. Utvalet er gjort i utifrå kjente faktorar som er sentrale innanfor barnehage. Slike kjente faktorar er: Helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen –

rammeplanen for barnehagar – barnehagelærer utdanning – økonomi - tilsette – føresette og barnet.

Grunnen til at eg har valt å bruke helsedirektoratet (2018) sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen, er at dette er retningslinjer som barnehagen skal følgje. Dei er helsedirektoratet sine anbefalingar til barnehagane og helsedirektoratet har eit lovfesta mandat til å utgje nasjonale faglege retningslinjer som er føringar for god praksis (Helsedirektoratet, 2019). Rammeplanen for barnehagen er ein forskift som beskriver barnhagen sitt innhald og oppgåver. Den er eit styringsdokument som barnehagane skal halde seg til (Kunnskapsdepartementet, 2017). Såleis er desse to faktorar som barnehagen som organisasjon må halde seg til når det gjelder eigen verksemd, og av den grunn sentrale i denne studien slik eg ser det. Barnehagelærer utdanninga er ein bachelorutdanning på 180 studiepoeng som er eit krav for å kunne jobbe som barnehagelærer – pedagogisk leiar eller styrar i barnehage (Utdanning.no, 2023). All barnehage verksemd er styrt gjennom to inntektskjelder. Dette er foreldrebetaling og tilskott frå staten. Foreldrebetalinga er lik for heile landet og er styrt av makspris om er sett av regjeringa. Kostpengar betalt av føresette kan barnehagane ta i tillegg. Tall frå Statistisk sentralbyrå viser at gjennomsnittet i 2022 er på kr 336,- pr månad (Statistisk sentralbyrå, 2022). Føresette og barn er sentrale faktorar for studien slik eg ser det då dei blir mest påverka av måltidet i barnhagen.

2.7.1 Helsedirektoratet

Helsedirektoratet sin målsetting med revidert nasjonal fagleg retningslinje for mat og måltid i barnehagen, er å bidra til at tilsette i barnehage har oppdaterte kunnskapsbaserte anbefalingar å følgje. Dermed får borna gode rammer for måltida og god ernæringsmessig kvalitet på mat- og drikketilbodet. Helsedirektoratet sine anbefalingar beskriv ein praksis eller framgangsmåte som er med å bidra til fagleg og god praksis på dette feltet. Desse retningslinjene rettar seg særleg mot barnehageeigar, styrar, tilsette og andre som jobbar i barnehagen. Retningslinjene kan også vere nyttige for føresette, helsestasjon og tannhelseteneste samt i kommunalt planarbeid sett i eit folkehelseperspektiv (Helsedirektoratet, 2018).

Helsedirektoratet har dette å sei om kvifor desse retningslinjene er sentrale for barnhagar.

For barnehagebarn utgjør måltider i barnehagen en vesentlig del av deres daglige inntak av mat og drikke, enten maten er medbragt eller servert. Mat og måltider i barnehagen har derfor stor betydning for barnas kosthold og matvaner. Kostholdsvaner etableres tidlig i livet og har en tendens til å vedvare. Barnehagen som universell arena har dermed et stort ansvar for å bidra til å etablere gode kostvaner og således til folkehelsen. (Helsedirektoratet, 2018).

Godt forankrede retningslinjer kan forbedre praksis og gi et mer likeverdig mat- og drikketilbud til barn i hele landet som kan bidra med å utjevne sosial ulikhet i helse og kosthold blant barn. (Helsedirektoratet, 2018).

2.7.2 Kva inneheld helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen

Helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen spelar ein sentral rolle i dei overordna måla som barnehagane har når det gjelder mat og måltid. Helsedirektoratet sine 12 retningslinjer er statleg påverknad når det gjelder kva måltidet i barnehagen bør innehalde og måten måltida blir gjennomført (Helsedirektoratet, 2018). Kort fortalt inneheld retningslinjene at barnehagen bør legge til rette for minst tre faste måltid om dagen der barna får minst 30 minutt til å ete på. Maten bør vere variert og i tråd med helsedirektoratet sine kostråd (Helsedirektoratet, 2018). Helsedirektoratet sine kostråd har meir om kva for innhald maten som blir servert skal ha (Helsedirektoratet, 2016). Eg har dei ikkje med som ein av faktorane i studien då eg ikkje ser direkte på innhaldet i maten som blir servert. Vidare seier helsedirektoratet sin retningslinjer for mat og måltid i barnehagen at det bør serverast frukt, bær og grønsaker kvar dag i lag med lett- eller skummet mjølk og vatn til måltida. Det skal vere lite bruk av sukker i det daglege og måltidmiljøet i barnehagen skal fremje helse, mat- og måltidsglede, og personalet bør delta aktivt i måltida (Helsedirektoratet, 2018). Helsedirektoratet legg vekt på at måltida er ein pedagogisk arena der barna får medverke i mat- og måltidsaktiviteter, samtidig som at det blir lagt til rette for god handhygiene i barnehagen med handvask før alle måltid. Mathandteringa skal vere i samsvar med regelverk og råd frå Mattilsynet, og det skal takast omsyn til barn som har særlege behov knyttet til mat og måltid. Siste punktet viser til at det bør vere ein miljøvennleg praksis med lite matsvinn og eit mattilbod der plantebaserte matvarer og fisk og sjømat er sentralt (Helsedirektoratet, 2018).

2.7.3 Rammeplan for barnehagen

Barnehagelova med forskrifter, (første barnehagelov blei vedtatt 1975) er den lova som regulerer barnehagen som pedagogisk verksemd. Rammeplanen for barnehagen har status som forskrift og utdjupar det pedagogiske innhaldet som barnehagen skal tilby. Rammeplanen er styringsdokumentet for planlegging, gjennomføring og vurdering av pedagogiske innhald i barnehagen (Meld. St.19 (2015-2016)). I 1996 kom den første Rammeplanen for barnehagen. Rammeplanen skulle konkretisere barnehagane si rolle og oppgåver ovanfor barn og foreldre, samtidig som den gav barnehagen eit samfunnsmandat som barnehagen sine tilsette var forplikta til å følgje (Meld. St.19 (2015-2016)). Sidan 1996 er det komme to reviderte utgåver

av rammeplanen, siste i august 2017. Rammeplanen er såleis framleis det arbeidsdokumentet som pedagogiske leiarar og barnehagelærar brukar i sitt planleggingsarbeid i barnehagen.


Rammeplanen har sju ulike fagområde som speglar områda som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder. Fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen (Rammeplanen, 2017, s. 47). Fagområdet «*Kropp, rørsle, mat og helse*» er det i rammeplanen som omtalar mat og måltid i barnehagen, og er det andre av sju fagområde som blir omtalt nærmare. Rammeplanen viser her at

Vanar og handlingsmønster tek form alt frå tidleg alder av. Gode vanar som ein tileignar seg i barnehagealder, kan vare livet ut. Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. (Rammeplanen, 2017, s. 49). Vidare står det Gjennom medverknad i mat og måltidsaktivitetar skal barna motiverast til å ete sunn mat og få ei grunnleggjande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse. (Rammeplanen, 2017, s. 49).

Dette skal personalet legge til rette for ved å bidra til at barna har mogelegheit for å tileigne seg gode vanar, haldningar og kunnskapar om kost, hygiene og aktivitetar i lag med kvile. Personalet skal kjenne og praktisere nasjonale føringar for helsefremjande og førebyggjande tiltak som gjeld barn (Rammeplanen, 2017, s. 50).

2.7.4 Barnehagelæraren

Hennum & Østrem seier at det å bli barnehagelærar er meir enn å ta ei utdanning, det handlar like mykje om å dannast til ein profesjon (Hennum & Østrem, 2016, s. 9). Ein barnehagelærar skal kunne reflektere over det pedagogiske arbeidet i lag med etiske og profesjonelle utfordringar i arbeidet med barn si utvikling. Barnehagelæraren skal ha innsikt i profesjonsetiske problemstillingar og utøve profesjonelt skjønn gjennom fagleg kompetanse (Hennum & Østrem, 2016, s. 9). Hennum & Østrem sin profesjonstrekant er det som konstituerer profesjonen og dei meiner at barnehagelæraren som profesjonsutøvar har eit ansvar for å finne god balanse mellom desse tre (Hennum & Østrem, 2016, s.11).



Figur 1 Hemmum & Østrem sin profesjonstrekan

Barnehagen sitt personale under leiing av barnehagelæraren er dei som har det daglege ansvaret for innhaldet i barnet sin kvardag. Det er også dei som har høve til å påverke kva måltida i barnehagen sitt innhald skal vere i lag med korleis rammene rundt gjennomføringa av måltidet i barnehagen.

2.7.5 Utdanning

Å utdanne seg som barnehagelærer er ei treårig bachelorgrad. Lengre om ein tar utdanninga på deltid. Utdanninga tilsvara 180 studiepoeng og gjev studenten kunnskap om barn si utvikling og innføring i samspeil mellom barn og vaksne. Rammeplan for barnehagelærerutdanning viser kva utdanninga skal innehalde av kunnskapsområde og tal studiepoeng innanfor kvart område (Lovdata, 2012). Pedagogikk er eit gjennomgåande fag der praksis gjennom rettleiing ute i feltet er ein stor del av utdanninga. Dei to første åra av utdanninga er likt oppbygd ved alle utdanningsinstitusjonane. Tredje og siste året kan vere ulik då dei ulike utdanningsinstitusjonane tilbyr forskjellige retningar for fagleg fordjuping. Utdanninga som barnehagelærer er det 36 tilbod om måtar å ta innanfor alle landet sine universitet og høgskular. Her er også Steinerhøgskulen med som har barnehagelærerutdanning i Steiner pedagogikk (Utdanning.no, 2023, s. 1). Barnehagelærer sin utdanning er det som ligg til grunn for måten dei brukar sine personlege haldningar, meiningar og verdiar i lag med profesjonen som dei har fått gjennom utdanninga. Dette gjelder og i høve kva for kunnskap dei har når det gjelder mat og måltid i barnehagen. I følgje Ryslett & Håberg utgjer fagfeltet mat og måltid i dagens barnehagelærerutdanning berre 2,5 poeng av 180 studiepoeng og dei

viser til at det er eit behov for å auke den matfageleg kompetansen i barnehagen (Ryslett & Håberg, 2021).

2.7.6 Økonomiske rammer.

Økonomi er ein av faktorane i denne studien. Økonomi er ein stor del av det å drive ein barnehage. Barnehagar har tilsette som mottar løn, det er utgifter til husleige, forbruksvarer som utstyr til inne og uteleik, kontormateriell og innkjøp av det som trengs av råvarer for å kunne gje ei mattilbod. Det er to hovudinntektskjelder ein barnehage har. Det ein er driftstilskot som er utrekna etter nasjonale tilskotsatsar og blir utbetalt til kommunane utifrå kor mange barn dei har som har rett på barnehageplass. Det andre er foreldrebetaling som er det som foreldre betalar kvar måned for å ha barnehageplass. Barnehagen kan også få offentleg tilskott ved søknadar som er retta mot spesielle prosjekt som kompetanseheving blant tilsette eller spesialundervising inn i barnehagen.

Foreldrebetaling

Regjeringa har bestemt at alle barn skal ha barnehagar som er tilgjengeleg for dei uavhengig av foreldre sin økonomi. 1. Mai 2015 vart det innført ei ny nasjonal ordning for foreldrebetaling i barnehagar. For å bidra til at familiar med lav inntekt skal ha moglegheit for å la barna gå i barnehage laga regjeringa ein inntektsdifferensiert foreldrebetaling. Den skal sikre at ingen husholding brukar meir enn 6 prosent av familien si samla inntekt på barnehageplass. Det betyr at foreldrebetaling for det første barn skal maksimalt vere seks prosent av hushaldet si samla kapital og personinntekt. Frå august 2022 er inntektsgrensa kr 598 825,- (Regjeringa, 2022). Dette er ei ordning som gjelder for både private og kommunale barnehagar. Regjeringa har også innført makspris for kva foreldre skal betale for ein heil barnehageplass. Frå 01. januar 2023 er maksprisen kr 3000 per måned (Regjeringa, 2022). Det betyr at barnehagar ikkje skal krevje meir i foreldrebetaling av føresette enn det som er sett som makspris frå regjeringa. Det er også 20 timar med gratis kjernetid kvar veke for 2-, 3-, 4- og 5-åringar og barn som har utsett skulestart som bur i hushald der inntekta er lav. Regjeringa legger ingen føringar for kva kvar enkelt barnehage tar i matpengar, eller kostpengar som nokre barnehagar kallar det. Det bestemmer kvar enkelt barnehage.

Kvart år gjennomfører Statistisk sentralbyrå (SSB) ei undersøking av foreldrebetalinga for heiltidsopphald i private og kommunale barnehagar. Undersøkinga er basert på ein totalteljing av barnehagane i landet i lag med detaljert rapportering frå alle kommunar (Statistisk sentralbyrå, 2022). Her kjem det fram at gjennomsnittet barnehagane krev for kostpengar og

andre utgifter er 336 kr. pr. barn. Dei viser og til at private barnehagar i gjennomsnitt krev inn meir kostpenter og andre tilleggsutgifter enn kommunale barnehagar (Statistisk sentralbyrå, 2022).

Driftstilskot

Driftstilskot er den andre hovudinntektskjelda til ein barnehage. Driftstilskot blir fastsett etter nasjonale satsar. I forskrift om tildeling av tilskot til private barnehager står det

Kommunen skal gi driftstilskudd til private ordinære barnehager per heltidsplass. Driftstilskuddet skal beregnes ut fra gjennomsnittlige ordinære driftsutgifter per heltidsplass i tilsvarende kommunale ordinære barnehager, fratrukket administrasjonsutgifter, pensjonsutgifter og arbeidsgiveravgift på pensjonsutgifter. Grunnlaget for beregningen er kommuneregnskapet fra to år før tilskuddsåret. (Lovdata, 2015).

Barnehagelova er det lovverk som alle barnehagar må halde seg til. I § 23. står det følgjande krav til bruk av offentlege tilskot og foreldrebetaling i private barnehagar.

Barnehagen skal bare dekke kostnader som direkte gjelder godkjent drift av barnehagen. Barnehagen skal ikke overfor eieren, eierens nærstående eller selskap i samme konsern som eier foreta transaksjoner og dekke kostnader på vilkår eller med beløp som avviker fra eller overstiger det som ville vært fastsatt mellom uavhengige parter. Barnehagen skal ikke ha vesentlig lavere personalkostnad per heltidsplass enn det som er vanlig i tilsvarende kommunale barnehager. Barnehagen skal kunne dokumentere at offentlige tilskudd og foreldrebetaling er brukt i samsvar med denne paragrafen. (Lovdata, 2005).

Driftstilskotet blir utrekna etter kva det kostar ein kommune å drive barnehage. Driftstilskotet er utrekna etter tal barn i ulike plassar i barnehagen i lag med andre kriterium som pensjonspåslag og kapitaltilskot (Lovdata, 2015).

2.7.7 Føresette sin påverknad

Barnehagen skal ivareta foreldre sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra, jf. barnehagelova §§ 1 og 4. Dette samarbeidet skal alltid ha barnet sitt beste som mål (Rammeplan, 2017, s. 29). Barnehagelova § 4 seier følgjande: «Foreldrerådet består av foreldrene til alle barna. Foreldrerådet skal fremme foreldrenes fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø» (Lovdata, 2005). Ein er dermed i regi av å vere foreldre i barnehagen også med i foreldrerådet til barnehagen. I barnehagen sitt samarbeidsutval er det foreldre valte av foreldrerådet som sitter for bestemte år om gangen. Intensjonen med desse ordningane er i følgje rammeplanen å gje høve til foreldra å ivareta sin kontakt med barnehagen på ein aktiv måte (Rammeplan, 2017, s. 30). Foreldre har også gjennom foreldreundersøkinga, som er ein undersøking frå Utdanningsdirektoratet som gjennomførast årleg, ein måte å kunne påverke til barnhagen sitt

måltid. Der får foreldre anonymt sei si meining om barnehagetilbodet, barnet sin trivsel, samarbeidet mellom heimen og foreldra samt kva dei meiner om barnehagen sitt måltid (Utdanningsdirektoratet, 2023). Også gjennom det første valet foreldre gjer, ved å velje barnehage til sitt barn, har foreldre ein påverknad. Det er likevel i hente og bringe situasjonar i lag med årlege foreldresamtalar, at foreldre har den største kontakten med barnehagen sine tilsette. Dette er ein god arena for å gje tilbakemeldingar då foreldre har moglegheita for å treffe tilsette fysisk dagleg.

2.7.8 Barnet

Rammeplanen har eit eige kapittel som går på barn sin medverknad. Her viser rammeplanen til at barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å legge til rette for og oppmuntre barna til å gje uttrykk for kva dei synes om den daglege verksemda i barnehagen, jf.

Barnehagelova §§ 1 og 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1

(Rammeplanen, 2017, s. 27). Rammeplanen er likevel klar på at synspunkta til barna skal vektleggast i samsvar med alder og modenskap. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei vil kunne ta (Rammeplanen, 2017, s. 27). Urie Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell syner at barn påverkar og blir påverka av relasjonane som er i deira nærvær i oppveksten (Bronfenbrenner, 1979). Rammeplanen er inne på dette når dei viser til at eit barn sitt liv blir påverka av omgivnadene, men at barn påverkar òg sitt eige liv. Barnehagen skal vere med på å legge grunnlaget for at barnet skal få eit godt liv (Rammeplanen, 2017, s. 8). Ved å vere ein del av eit større fellesskap får barnet tillit til andre enn dei nære omsorgspersonane. Fordi barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse, får barnet kjennskap til normer, verdiar og haldningar som er i samfunnet og som dei blir ein del av gjennom fellesskapet i barnehagen. Barna skal oppleve demokratisk deltaking ved å bidra og medverke til innhaldet i barnehagen (Rammeplanen, 2017, s. 8).

3.0 Teori

I dette avsnittet vil eg vise til Urie Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell som eg ser på som sentral teori for denne studien. Først vil eg synleggjere det eg har sett på som sentrale element i Urie Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell for å vere med å gje svar på mi problemstilling. Vidare vil eg vise på kva måte teorien omhandlar dei valte faktorar for denne studien og relevansen dei har.

3.1 Bakgrunn til Urie Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell

Teoretisk rammeverk for denne oppgåva er den utviklingsøkologiske modellen til Urie Bronfenbrenner. I 1979 gav han ut boka *the Ecology of Human Development. Experiments by Nature and Design* (Bronfenbrenner, 1979). Med sin utviklingsøkologiske modell gav han perspektivet til eit nytt tankesett på korleis eit individ utviklar seg i sitt miljø, og spesielt i relasjonen mellom person og miljøet. Bronfenbrenner skreiv boka med sikte på å bidra til teoretisk og empirisk oppdaging. Han meinte boka ville ha oppnådd sitt mål om undersøkinga basert på ideane i boka gav nye og avslørande utsikter for den vitenskaplege forståinga av kreftene som former utviklinga av menneske i omgivnadane dei lever i (Bronfenbrenner, 1979, s. 15). Bronfenbrenner meinte mange av tidlegare teoriar om barn sin utvikling kom frå eksperiment der barn vart sett i unaturlege settingar frå sitt vante miljø. Det syntte uvanleg åtfærd som ikkje kunne generaliserast. Han var derfor av den forståing at det meste av utviklingspsykologi slik det var i 1979, var vitenskapen om den merkelege oppførselen til barn i merkelege situasjonar med fremmande vaksne, i kortast mogeleg tid (Bronfenbrenner, 1979, s. 19). Bronfenbrenner argumenterer for at forståinga av menneskeleg utvikling krev meir ein riktig observasjon av åtfærd frå ein eller to personar på same stad. Det krev undersøking av fleire av fleirpersonar sitt interaksjonssystem, og ikkje avgrensa til ein enkel hending. Han referer til det utviklande vitenskaplege perspektivet som økologien til menneskeleg utvikling. (Bronfenbrenner, 1979, s. 21).

3.1.1 Kvifor Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell?


Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell er valt fordi den forklarar utvikling og vekst som ein gjensidig påverknadsprosess mellom eit individ og miljøet rundt. Alle barn er ein del av sosiale og kulturelle samanhengar som dei påverkar og som dei blir påverka av. Eit barn sin utvikling og sosialisering blir prega av dei ulike miljøa rundt barnet (Tetzchner, 2020). Bronfenbrenner forklarar med sin modell korleis faktorar på ulike nivå har betydninga for eit barn si utvikling og sosialisering. Bronfenbrenner var opptatt av at det var ein samheng mellom de ulike nivåa og internt i nivåa. Ein samheng som har betydning for barn sin vekst og utvikling (Tetzchner, 2020). Bronfenbrenner sin modell gjev ein forståing av kvifor det er nødvendig å legge til rette forhold både i barnet sitt nærmiljø og i storsamfunnet for å oppnå vekst og utvikling. Modellen viser barnet i sentrum og alle dei faktorane som er med på å påverke eit barn sitt liv og haldingar (Tetzchner, 2020). Eg vil vise til dei mest sentrale delane av modellen til Bronfenbrenner og trekke fram tema som Bronfenbrenner såg som sentrale for eit barn si utvikling som vil ha relevans for å belyse mi forskning. Bronfenbrenner sin

utviklingsøkologiske modell i lag med innhenta data og tidlegare forskning på temaet mat vil vere med å bidra å gje svar på problemstillinga til studien.

3.2 Modellen og dei ulike nivåa

Eg vil i dette avsnittet vise til Bronfenbrenner sine definisjonar av dei ulike nivåa i modellen, og på kva måte han meiner dei høyrer saman og er i kontakt med kvarandre. Samtidig vil eg vise korleis desse har relevans for min studie og dei valte faktorane.

Bronfenbrenner viser med sin utviklingsøkologiske modell ein meir utvida oppfatning av at miljøet er tydeleg breiare og meir differensiert enn den som fantes i psykologi generelt og i utviklingspsykologi spesielt. Det økologiske miljøet er oppfatta topologisk som eit nestet arrangement av konsentriske strukturer, kvar inne i den neste. Disse strukturane er det han referer til som mikro-, mesos-, eksos-, og makrosystem og som på kvar sin måte har påverknad på kvarandre (Bronfenbrenner, 1979, s. 22). Han forklarar det litt som eit sett med russiske dokker, der den eine avdekkjer den andre (Bronfenbrenner, 1979, s. 3). Innhaldet i desse ulike laga er det som påverkar barnet si utvikling og vekst. Modellen under viser korleis han forklarar dei ulike nivå og måten dei påverkar individet sin utvikling i lag med individet sjølv. Bronfenbrenner la i 2005 til eit femte system som han kalte **Kronosystemet**. Tanken var å synliggjere tidsdimensjonen i barn og unge sin utvikling (Tetzchner, 2020).



Figur 2 Bronfenbrenner sin modell

(Kronosystem, av Amendør AS. (<https://ndla.no/article/29908>). CC BY-NC-SA 4.0.)

3.2.1 Mikrosystemet

Bronfenbrenner definerer det slik: *«eit mikrosystem er eit mønster av aktivitetar, roller og mellommenneskelege relasjonar som den utviklande personen opplever i ein gitt setting, med spesielle fysiske og materielle eigenskapar»* (Bronfenbrenner, 1979, s. 22).

Mikrosystemet er den inste sirkelen i utviklingsmodellen. Den består av alle dei situasjonar der barnet sjølv er i direkte kontakt med andre menneske. Mest vanlig vil det vere eigen familie, venner og barnehage. Barnet er i sentrum på dette nivået. Her er barnet med sin familie og i barnehage saman med andre barn og vaksne der. Dei relasjonane som barnet utviklar her med dei aktuelle aktørane, er med å påverke måten barnet utviklar seg. Dette gjeld også i høve kva for vanar som barnet tileignar seg. Kostholdet til barnet blir relevant her.

3.2.2 Mesosystemet

Bronfenbrenner sin definisjon lyder slik: *«eit mesosystem omfattar relasjonen mellom to og fleire settingar der den utviklande personen deltar aktivt, t.d. for eit barn, forholdet mellom heim og jamaldrande grupper i nabolaget; for ein voksen vil det vere blant familie, jobb og sosialt liv»* (Bronfenbrenner, 1979, s. 25).

Mesosystemet handlar om samspel og kommunikasjon mellom to eller fleire personar i minst to ulike mikrosystem. Nettverket av mikrosystem kan for eksempel vere barnehage og heim. Personen sin relasjon i mikrosystemet påverkar relasjonar i mesosystemet og omvendt. Mesosystem er altså eit system av mikrosystem. Det blir danna og utvida kvar gang den utviklande personen flytter inn i ei ny setting (Bronfenbrenner, 1979, s. 25).

Barnet er framleis i sentrum av nivået og det som skjer av relasjonar med barnet. Her er det eit samspel mellom dei to ulike nivåa som kan forklarast slik: når barnet reiser frå heimen til barnehagen tar det med seg erfaringar frå relasjonane i heimen inn i barnehagen. Dei erfaringar barnet utviklar av relasjonar i barnehagen tar barnet med seg heim og inn i relasjonane som dei har heime. Barnet blir påverka av omgivnadane samtidig som omgivnadane blir påverka av barnet. Om barnet har eit dårlegare kosthald heime, vil eit godt kosthald i barnehagen kunne vere med å påverke til eit betre kosthald også i heimen til barnet.

3.2.3 Eksosystemet

Bronfenbrenner definerer eksosystemet slik: *«Eit eksosystem refererar til ein eller fleire settingar som ikkje involverer den utviklande personen som ein aktiv deltakar, men der det*

skjer hendingar som påverkar eller påverkast av det som skjer i settinga som inneheld den utviklande personen» (Bronfenbrenner, 1979, s. 25). Eksosystemet viser til mikromiljø som påverkar barnet sjølv om barnet sjeldan eller sjølv aldri er i direkte kontakt med miljøet. Handlingar eller føresegner her vil likevel påverke den konteksten som barnet deltar i. Døme på dette kan vere ein avgjersle som blir gjort på kommunalt nivå ang. økonomiske rammer til barnehage. Bronfenbrenner har ein hypotese om at barnet si utvikling er djupt påverka av hendingar som skjer i omgivnader der individet ikkje eingong er til stades (Bronfenbrenner, 1979, s. 3).

På dette nivået er barnet sjeldan eller aldri til stades, men likevel vil føresegner som skjer her kunne ha direkte innverknad på barnet sin utvikling og levemåte. Bestemmer kommunen at barnehagen skal ha eigen kokk eller ernærings ekspert som har ansvaret for mat og måltid i barnehagen, utan at det går utover barnehagen sine økonomiske rammar, vil det kunne ha betydning for barnet sitt kosthald i barnehagen.

3.2.4 Makrosystemet

Bronfenbrenner definerer makrosystemet slik: *«Makrosystemet refererer til konsistensar, i form og innhald av lågare ordenssystem, (mikro-, meso- og ekso-) som eksistera, eller kan eksistere, på nivået til subkulturen eller ideologien som ligger til grunn for slike konsistensar»* (Bronfenbrenner, 1979, s. 26).

Makrosystemet er den ytste sirkelen. Det viser til overordna mønster som normer, verdier og tradisjonar. Også lovverk og politikk er inkludert her. Dette er eit system som individet aldri er sjølv i, men likevel er med å påverke dei andre systemnivåa (mikro-, meso-, og ekso-). Bronfenbrenner viser til at endring som skjer utanfor barnet sitt område likevel er med å påverke barnet sin utvikling. Det som betyr noko for åtferd og utvikling er miljøet slik det oppfattast meir enn slik det kan eksistere i ein objektiv verkelegheit (Bronfenbrenner, 1979, s. 4).

På dette nivået er det vi ser at helsedirektoratet og rammeplanen, i lag med barnehagelærerutdanning har sitt tilhald. Her har barnet aldri noko som helst påverknad direkte. Det er likevel barnet som direkte blir påverka av det som blir bestemt i desse fora. Kva mattilbodet i barnehagen inneheld og måten det blir gjennomført på, er det barnet som blir mest påverka av.

3.2.5 Kronosystemet

I den siste versjonen av den utviklingøkologiske teorien i 2005, la Bronfenbrenner til kronosystemet. Det handlar om tidsaspektet i lag med historie, og refererer til det stadiet i livet barnet er i under situasjonane dei går igjennom. Kronosystemet viser korleis hendingar og endringar i livshistorien til eit barn kan påverke barnet si utvikling, i lag med eit eller fleire av dei andre nivåa i modellen (Tetzchner, 2020).

Bronfenbrenner seier at det er eit slåande fenomen som kjem til innstillingar på dei tre første nivåa av dette økologiske miljøet. Innan for ein kvar som helst kultur, eller sub-kultur, har settingar av ein gitt type som heimar eller kontor, ein tendens til å vere veldig like, mens det i mellom kulturar er tydelege forskjellar. Bronfenbrenner seier at det er som om det innanfor kvart samfunn eller kultur finns ein plan for organisering av alle typar omgivnader (Bronfenbrenner, 1979, s. 4). Barnehagen sin matkultur er eit døme på dette. Brødmåltidet har lang tradisjon i barnehagane både som matpakke frå heimen og som smørjelunsj i barnehagen. Kamisaka & Wergedahl, 2022, viser til at kartlegging syner det er vanlig at barnehagane i Norge i dag serverar eit brødmåltid til lunsj beståande av grovt brød og ulike pålegg (Kamisaka & Wergedahl, 2022). Bronfenbrenner meiner at såne kulturar kan endrast, med det resultat at strukturen i miljøet i eit samfunn kan bli markant endra og gje tilsvarande endring i åtferd og utvikling (Bronfenbrenner, 1979, s. 4).

4.0 Metode

I dette kapittelet vil eg gjere greie for valt metode for denne studien. Eg vil synleggjere for mine val av informantar og kva for etiske omsyn eg har sett på som viktige for studien. I følge Kvale & Brinkmann er den opphavlege tydinga av ordet metode «*veien til målet*», og for å finne vegen til målet, må ein vite kva målet er (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 140). For å svare på studien si problemstilling vil eg vil sjå nærmare på faktorane: *Styringsdokumenter for barnehagen – tilsette i barnehagen – føresette – barnet* for å finne ut kva for betydning og påverknad dei har på mattilbodet i barnehage. Nedanfor vil eg beskrive korleis eg har henta inn mine data for studien og kva som låg til grunn for mine val.

4.1 Kvalitativ metode for studien

Det er ein kvalitativ metode eg har valt for denne studien med element av eit fenomenologisk perspektiv. Ein kvalitativ metode virka mest egna for min studie då den gjer det mogeleg å få ei overordna innsikt og forståing av eit emne eller fenomen gjennom eit avgrensa tall

personar, også kalla informantar. Eit kjenneteikn ved kvalitative studiar er at dei som oftast inneheld eit avgrensa tal personar eller einingar (Thagaard, 2018, s. 54). Høgheim kallar kvalitative studiar for eksplorerande forskning (Høgheim, 2020, s.130). Han forklarar det med at eksploderande forskning er når ein skaper kunnskap om eit felt, menneske eller fenomen ved at ein samlar inn rike og detaljerte data. Ein undersøker noko konkret, det kan vere ein situasjon, eit menneske eller gruppe av menneske, for å få fram meir generell kunnskap (Høgheim, 2020, s.130). Det er i dag 5525 kommunale og private barnehagar i Norge (Statistisk sentralbyrå, 2022). Eg har valt ut tre av desse. Ved å bruke ein kvalitativ metode der eg går inn i nokre få barnehagar som er representative for dagens barnehage, får eg i møte med dei tilsette personleg, ei større innsikt og betre forståing for deira erfaringar og haldingar om studiens valte faktorar og korleis faktorane eventuelt kan tenkast å påverke mattilbodet i barnehagen.

4.2 Informantar

Her vil eg gje ein presentasjon av informantane som er med i studien og litt om bakgrunnen for vala mine i utveljinga av informantar til denne studien.

4.2.1 Strategisk utval

Det er gjort eit strategisk utval av tre barnehagar med geografisk ulikskap som deltar med informantar i denne studien. Ein barnehage i Innlandet fylke og to i Vestland fylke med meir enn 150 km i avstand. Barnehagane har alle måltid der maten blir tilrettelagt og servert av dei vaksne i barnehagen. Å foreta eit strategisk utval inneberer å velje ut deltakarar som er typiske for fenomenet ein studerer (Thagaard, 2018, s. 58). Kontakten med desse barnehagane har eg oppretta gjennom mitt nettverk som barnehagelærer. Den eine barnehagen tilbude seg å vere med når styrar høyrde kva for tema eg hadde valt. Sjølv tok eg kontakt med to andre barnehagar gjennom e-post og telefon for å høyre om dei kunne tenke seg å vere med i min studie. Ein stor del av grunnen til at barnehagane som er med her har sagt seg villig til å bidra som informantar, er fordi dei meiner at tema eg har valt for studien er interessant og viktig. Sidan barnehagane er valt gjennom mitt nettverk som barnehagelærer er eg innom det som Christoffersen & Johannessen kallar for ein komfortabel utveljing. Det er når forskaren gjer det som er det enklaste og mest komfortable i sin utveljing. Ein strategi som ofte er valt, men som Christoffersen & Johannessen meiner er den minst ynskjelege (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 52). På førehand hadde eg berre kjennskap til den eine av dei tre barnehagane. Dei to andre var for meg ukjende og min kjennskap til dei fekk eg gjennom mitt nettverk i lys av min profesjon som barnehagelærer.

4.2.2 Utval av informantar.

Då dette er ein liten kvalitativ studie med ei kort tidsmessig ramme, er det ikkje rom for å ha alt for mange informantar. Utvalskriteria eg har brukt når det gjelder utval av informantar er difor at informantane må vere styrarar og/eller pedagog. Sidan eg ynskjer at svara på spørsmåla eg stiller i intervju med informantane, blir grunna i fagmessig erfaring som har blitt forma gjennom arbeidet i barnehagen, vel eg informantar som har vert i yrket ei tid. Derfor må dei ha jobba i barnehage i meir enn eit seks månada. Grunnen er at nyutdanna pedagogar vil kanskje ikkje ha like mykje erfaring i forhold til spørsmåla eg ynskjer svar på. Eg har valt vekk barne-ungdomsarbeidarar og pedagogiske medarbeidarar som informantar. Det har ikkje noko med at eg ikkje meiner deira erfaringar og verdisyn er viktig, for det gjer eg. Det er likevel slik at pedagogisk leiar og styrar i barnehagen er i form av si stilling, dei som er leiarar i barnehagen. Eg er av den oppfatning at deira haldningar og verdisyn vil vere det avgjerande, og i mange tilfelle, det styrande på den enkelte avdeling i barnehagen.

4.2.3 Skildring av barnehagane som er med

Alle tre barnehagane er i avdelingsstorleik frå to til fem avdelingar med barn i alderen ein til fem år. Det er to private barnehagar, der den eine er ein Steinerbarnehage som har varmt måltid som dei serverer kvar dag. Den andre private barnehagen er ein friluftsbarnehage som har brødmåltid som sitt hovud måltid med varm mat fire til fem gangar i månaden. Den tredje er ein kommunal barnehage som også har brødmåltid som sitt hovud måltid kvar dag og varm mat fire til fem gangar i månaden. Det er altså tre ulike barnehagar i ulike delar av landet. Desse barnehagane har ingen samarbeid med kvarandre.

Tabell 2: Oversikt over barnehagane sin storleik

| Barnehagane | Avdelingar | Barn | Årsverk | Informantar | År utdanna |
|--------------------|-------------------|-------------|----------------|--------------------------|-------------------------------|
| Barnehage A | 5 | 70 – 90 | Inntil 20 | 3 ped. leiarar Styrar | 1 år – 10 år – 18 år 21 år |
| Barnehage B | 5 – 6 | 60 - 90 | Inntil 22 | 2 ped. leiarar Styrar | 6 år – 25 år 5 år |
| Barnehage C | 2 | 30 – 40 | Inntil 10 | 2 ped. leiarar Styrar | 3 år – 26 år 10 år |
| | | | | | |

4.2.4 Innhenting av datamateriell.

Ved innhenting av data for denne studien har eg nytta meg av intervju med totalt 10 informantar. Christoffersen & Johannessen seier at det er ikkje mengda av informantar som er utgangspunktet for utval av informantar i ei kvalitativ undersøking, men kva som er hensiktsmessig (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 50). I forkant av intervjuet vart det laga ein intervjuguide med inntil 25 spørsmål, fordelt på fem tema. Dei fem tema var: **Barnehagen sitt mattilbod - føresette sine meiningar - egne erfaringar og haldningar - utdanning - helsedirektoratet og rammeplanen.** Å bruke ein intervjuguide gav meg likt utgangspunkt for alle intervju. Høgheim beskriver ein intervjuguide som ein oversikt over relevante tema, emne og spørsmål som ein bruker i intervjuet (Høgheim, 2020, s. 133). Intervjuguiden for styrar og for pedagogiske leiarar var like med få unntak. Spørsmåla var alle representative i måten eg såg på kva tilsette i barnehagen meiner om dei ulike valte faktorane sin påverknad på mattilbodet i barnehagen. For at spørsmåla i intervjuguidane skulle vere så konkrete og gode som mogeleg i høve tema, vart begge intervjuguidane gjennomgått i lag med veiledarane.

4.3 Intervju

I avsnittet under vil eg gå gjennom kva for type intervju eg valte til studien og kva for grunnlag eg baserte det på. Eg vil og syne på kva måte intervjuet vart gjennomført.

4.3.1 Semistrukturert intervju.

Eg nytta det som ein kallar semistrukturert intervju med informantane. Kvale & Brinkmann seier at i eit kvalitativt forskingsintervju utifrå eit fenomenologisk inspirert perspektiv, bruker ein semistrukturert intervju når temaet frå dagleglivet blir forstått utifrå informantane sine egne perspektiv (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 46). Ved å nytte semistrukturert intervju får ein indikatorar som seier noko om korleis informantane opplever eller erfarer noko, gjerne i detalj. Eit semistrukturert intervju gjer det mogleg å utforske kva andre opplev, erfarer og meiner utifrå deira egne perspektiv (Høgheim, 2020, s.141). Semistrukturert intervju gjev moglegheit for ei meir strukturert utspørjing, med rom for utforsking av uføresette og relevante tema undervegs i intervjusituasjonen (Høgheim, 2020, s. 131). Dette er ein styrke ved semistrukturert intervju, og gjer at det er mogeleg å stille spørsmål som kjem opp som relevante, eller om ein ynskjer meir utdjuing av noko undervegs i intervjuet. Eg brukte denne forma for intervju både som ein-til-ein og i fokusgruppe.

4.3.2 Testing av instrument

Uansett kva for tilnærming ein har til forskning, bør ein pilotere instrumentet ein skal bruke. Høgheim beskriver pilotering som utprøving, og instrument som verktøy ein brukar i forskning. Instrumentet kan vere spørjeskjema, intervjuguide eller andre metodar for å samle inn data som er med å gjev svar på forskingsspørsmålet (Høgheim, 202, s. 164). Det er ein fordel å få utprøvd instrumentet ein skal bruke i forskning. Her kan ein gjere bruk av medstudentar, familie som er i same aldersgruppe som informantane, eller andre menneske (Høgheim, 202, s. 164). Eg valte å gjere bruk av pilotering av min intervjuguide på nokre forsøkspersonar som har barnehagefagleg bakgrunn før eg tok intervjuguiden i bruk med informantane. Dette for å avdekke om det var spørsmål som skulle vore annleis slik at dei på best måte var med å gje svar på mi problemstilling.

4.3.3 Gjennomføring av intervju.

Alle tre barnehagane som var med i studien fekk på førehand tilsendt samtykke skjema med tema for intervjuet i lag med generell informasjon om meg som intervjuar. Eg valte å ikkje sende intervjuguiden fordi eg ville ha svar som kom direkte under intervjuet. Eg ynskte ikkje at dei på førehand skulle ha konstruert ei meining eller tanke om kva dei trudde eg ville meine var rett. Før eg gjennomførte intervjuet var eg i to av barnehagane nokre timar før intervjuet starta, mens i den barnehagen eg kjente til frå før, gjekk eg rett på intervjusituasjonen utan å vere innom avdelingar på førehand. Eg tenker i etterkant at det kanskje ikkje var det beste valet sjølv om eg kjente til barnehagen. Som forskar er det fint å sjå litt konteksten ein er i før intervjuet startar, ein får t.d. eit meir innblikk i heilskapen bak måltidet og prosessen rundt i den aktuelle barnehage. Dette var også grunnen til at eg var i dei to andre barnehagane ei stund før intervjuet starta.

Før kvart intervju spesifiserte eg tydeleg at eg var ute etter deira meiningar og svara som dei sjølve satt med. Eg opplevde at svara frå både styrarar og pedagogiske leiarar var representativt for deira meiningar og haldningar. Det var også mitt fokus, kva tilsette i kvar enkelt barnehage meinte om faktorane, på kva måte dei var synlege i barnehagen, og korleis dei meinte påverknaden på mattilbodet i eigen barnehage var. For å få med alt som blir sagt i kvart intervju, brukte eg ein lydopptakar som eg hadde fått lånt av høgskulen. På den måten fekk eg med meg alt som informantane hadde å fortelje, samtidig som eg kunne stille oppfølgings- og oppklarande spørsmål der det var nødvendig. Ved å nytte lydopptakar gav det meg moglegheita for å høyre opp igjen fleire gangar kva som vart sagt, og på den måten få med meg alle nyanser ved samtalen. Tidsmessig varte kvart intervju frå 12 til 30 minutt, alt

etter kor mykje kvar enkelt svarte. Alle intervjuja forgjekk i tida frå medio november til medio desember. Her var eg fleksibel og lèt barnehagane bestemme når det passa dei best å få besøk av meg som forskar. Det vart gjennomført sju ein-til-ein-intervju, der fire var med pedagogiske leiarar og tre var med dei tre ulike styrarane. I utgangspunktet hadde eg berre tenkt styrar sitt intervju som ein-til-ein i kvar barnehage, men det vart likevel den intervjuforma eg nytta i dei resterande intervjuja. Ved å bruke ein-ein-intervju brukte eg ei intervjuform der eg som forskar samtalar med ein informant om gangen. (Høgheim, 2020, s. 132). I barnehage A, (sjå tabell 2) vart intervjuet gjort med tre pedagogiske leiarar samtidig. Her skulle det eigentleg vert fem, men pga. sjukdom var dei tre. At eg intervjuar pedagogiske leiarar som ei gruppe, var fordi eg ville sjå om det var ein god intervju metode for min studie. Gruppeintervju kan vere ein fordel då ein kan få fram fleire synspunkt når det er ei gruppe i fellesskap som har støtte i kvarandre. Høgheim definerer gruppeintervju som ein gruppediskusjon om eit sett emnar eller tema som er planlagt av forskaren (Høgheim, 2020, s. 145). Dei tre informantane svara kvar for seg på spørsmåla og eg følte at svara var sjølvstendige sjølv om dei hadde støtte i kvarandre i det som vart sagt. Likevel bestemte eg i etterkant å berre nytte ein-til-ein intervju vidare i studien av to grunnar:

1: Det var enklare for barnehagane å gjennomføre intervjuja når det gjekk berre ein frå ei avdeling. Det å gå ifrå mange på ein gang, sjølv frå ulike avdelingar, er ikkje alltid like enkelt å få til i ein barnehagekvardag. Dette er noko som eg kjenner godt til og hadde full forståing for.

2: etter å ha intervjuar styrar i ein-til-ein etter intervjuet med tre samtidig, følte eg at kontakten med ein enkel informant i ein-til-ein intervju var betre og informanten sitt syn vart ikkje påverka av andre sitt syn. Derfor såg eg på ein-til-ein intervju som betre for min studie. Ved gjennomføring av dei første intervjuja eg gjennomførte ein til ein, oppdaga eg at det kunne vere vanskeleg å halde fast på rolla som forskar. Som barnehagelærer har eg erfart ein taus kunnskap om at ein engasjerer seg, ein deltar i debattar, og ein synleggjer sine meiningar om eit tema med andre i same profesjon. Dette blei feil å gjere. Gav eg eit anna enn nøytralt oppfølging spørsmål, følte eg at eg kunne påverke svara til informanten. Eg opplevde også at nokre av informantane kunne bli usikre på eit utval av spørsmåla. Dette gjaldt spesielt når eg var innom spørsmåla som gjaldt helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen. Det var difor viktig å vere tydeleg i forkant av kvart intervju at svara skulle vere informantane sine eigne meiningar og tankar. Det var det eg såg på som rette svar på mine spørsmål og viktig for intervjuet sin truverdighet.

Sjølv med pilotering av spørsmåla, skjedde det at eit spørsmål som omhandla rammeplanen ikkje kom med i intervjuguiden hos dei to første barnehagane eg intervjuar. Det førte til at eg, etter samråding med rettleiar, sendte dette spørsmålet på e-post til dei personane som var med på intervju. Hos den tredje barnehagen var spørsmålet med i intervjuguiden. Sidan det var det einaste spørsmålet eg hadde som omhandla rammeplanen, var det viktig i få svar på dette frå informantane.

4.4 Dataanalyse.

Her vil eg kort gjere greie for kva eg gjorde med det innsamla datamateriale og korleis datamaterialet har blitt analysert.

4.4.1 Transkribering.

Eg valte å transkribere kvart intervju sjølv etter kvart som data blei samla inn. Dette gjorde eg rett i etterkant av alle intervju. Transkribering er omforming av datamateriale, i dette tilfelle er det frå munnleg til tekst (Høgheim, 2020, s. 133). Eg valte å transkribere så ordrett som mogeleg det informantane sa. Både tankepause, latter og anna som kom med under intervjuet, vart med i den ferdig skrivne teksten. Ved å transkribere rett etter kvart intervju får eg med meir av essensen frå det munnlege over til det skrivne materialet. Her startar og analysen. Å skrive teksten i den setting det vart formidla i, er første del av analysen. Etter å ha gjennomført 10 intervju er det skrevet 37 sider med innsamla datamateriale. Gjennom transkribering av innsamla data gjorde eg oppdagelsen at i gruppe intervjuet eg hadde hatt. Der sat eg med den oppfatning at den eine kvinnelege informanten som satt nærmast meg var den som snakka mest gjennom intervjuet i høve dei to andre som var med. Det visste seg å ikkje stemme. Gjennom transkriberinga der eg brukte fargekoder for å skilje dei tre informantane, oppdaga eg at den mannlige informanten som sat lengst borte frå meg, hadde dei lengste og mest utfyllande svara.

4.4.2 Analysere

Å analysere vil sei å løyse, i tydinga å knekke opp til handterbare bitar og størrelsar (Anker, 2020, s. 17). I kvalitativ forskning analyserast arbeidet ved å velje ut, systematisere, kategorisere og tolke. Ein jobb som resulterer i det ein kallar funn (Anker, 2020, s. 11). I analysen av innsamla datamateriale har eg tatt ut det som eg objektivt tolkar er essensen i svara. Sett i eit fenomenologisk perspektiv omfattar analysen av eit intervju i følgje Kvale & Brinkmann av fem trinn. Trinn ein består av å lese heile intervjuet for å sjå heilskapen. Trinn to handlar om at forskaren bestemmer dei naturlege «meningseiningane» slik dei blir uttrykt

av intervjupersonen. Tredje trinn er deretter å uttrykke temaet som dominerer den naturlege mening så enkelt og klart som mogleg. I det fjerde trinnet blir mengdeeininga i lys av undersøkinga sin spesifikke formål. Og på det femte trinnet blir dei viktigaste emna i intervjuet bunde saman i eit deskriptivt utsegn. (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 232) Eg kategoriserte datamaterialet og laga aktuelle kodar som gjorde det lettare for meg å sjå skilnader eller likskapar i analysearbeidet. Intervjua vart delt inn i fem ulike tema: ***Barnehagen sitt mattilbod – føresette – erfaringar og haldningar – utdanning - helsedirektoratet sine retningslinjer og rammeplanen for barnehagen.*** Desse tema haldt eg fram med å bruke i det vidare analyse arbeidet. Kodar blei laga for å organisere innsamla data ved å markere deler og gje det eit omgrep eller ord som representererte den aktuelle delen. I nokre tilfelle skilte eg svara frå styrar og pedagogisk leiar. Høgheim seier at ein tar innsamla rådata og reduserer det til meiningsberande bestanddeler (Høgheim, 2020, s. 204). Når eg gjer det etter forhandsbestemte tema som eg har basert på teori og hypotesar, bruker eg det som ein kallar ei deduktiv analyse (Høgheim, 2020, s. 208). Sjølv om ein jobbar deduktivt kan ein framleis oppdage nyansar, uventa innhald og underkategoriar (Høgheim, 2020, s. 209). Anker viser til at det er viktig å skilje mellom det som kallas koding og det som kallas kategorisering. Koding er den del av prosessen der ein går opent ut for å finne merkelappar som ein brukar på innsamla materiale, mens kategorisering er den systematiske samlinga av ulike koder under større kategoriar (Anker, 2020, s. 76). Når eg starta arbeidet med koding under dei fem tema eg hadde delt inn i, nytta eg meg av NVivo, eit program for analyse av og organisering av data (Høgheim, 2020, s. 201). Dette programmet har vi fått tilgang til gjennom Høgskulen på Vestlandet i lag med relevant opplæring. Då fekk eg system og oversikt over dei ulike svara både frå styrar og pedagogisk leiar. Deretter vart svara lest gjentatte gangar før eg sette opp ein tabell som synte svara frå kvar av barnehagane. Ved å gjennomgå materialet gjentatte gangar vart eg meir fortruleg med innhaldet. Det gjorde til at eg kunne sjå og oppdage nye sider ved materialet som eg ikkje hadde sett før. Gjennom å bruke ei deduktiv tilnærming til materialet kunne eg knytte omgrep i data som tar utgangspunkt i anna teori. Omgrepa bidreg til at ein kan kjenne igjen mønstre i data, og knytte perspektiv frå analysen av eige data til anna relevant teori (Thagaard, 2018, s. 172). Også tematisk innhaldsanalyse er ein analyseform som viser seg gjennom analyse arbeidet. I følgje Anker er tematisk innhaldsanalyse den mest vanlege og generelle forma for analyse som blir brukt i masteroppgåver. Tematisk analyse kan i vid forstand omfamne alle analyser som på ein systematisk måte beskriver eit tekstsinnhald. Analysen er i utgangspunktet ein empirinær strategi med hovudvekt på innhaldet i eit spesifikt materiale og eignar seg godt for å orientere

seg i eit større materiale (Anker, 2020, s. 40). Ved å sjå kva den enkelte informant svarte på spørsmåla, og kunne sjå dette i lag med dei samla svara, gav det argumentasjon som eg vil kunne bruke for å svare på problemstillinga til studien.

4.5 Evaluering av metodeval

I dette avsnittet vil eg vise kvifor eg valte metoden eg brukte og kva for styrker og svakheiter den har slik eg ser det. Her vil det komme fram kvifor eg valte eit fenomenologisk inspirert perspektiv for denne studien. Siste del vil handle om validitet, reliabilitet og generalisering av det innsamla datamateriell som er med i studien.

4.5.1 Fenomenologisk inspirert perspektiv.

I kvalitativ forskning kan ein sei at fenomenologi er meir bestemt eit omgrep som peikar på interessa for å forstå sosiale fenomen utifrå aktørane sine egne perspektiv og beskriver verden slik den oppfattast av informantane. Med den forståing at den verkelege verkelegheit er den menneske oppfattar (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 44). Ved å bruke element av eit fenomenologisk design på studien i lag med ein kvalitativ metode, vil eg kunne få fram korleis nokre få fagpersonar som har sin profesjon i barnehagen, tenker og jobbar når det gjelder mattilbodet i barnehagen. Anker viser til at i eit fenomenologisk design forstår ein fenomen på grunnlag av perspektiva til personane som er med i studien. Det er den subjektive opplevinga som blir vektlagt og målet er å gripe enkeltmenneske sin erfaring (Anker, 2020, s. 51). Christoffersen & Johannessen viser at å ha ein fenomenologisk tilnærming, er å utforske og beskrive menneske og deira erfaringar og forståing av eit fenomen. Målet er å få auka kunnskap og innsikt i andre sin verden (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 99). Eg vil ha informantane sine perspektiv, sin kunnskap og erfaringar når det gjeld dei valte faktorar i studien.

4.5.2 Styrker og svakheiter

Ein svakheit med denne studien kan vere at den er avgrensa til eit lite utval barnehagar, berre tre. Resultatet som vil komme frå denne studien vil såleis ikkje vere eit resultat som ein kan sei er representativt for heile barnehagesektoren, men vil vere dei meningar som kjem frå ein liten del av barnehagesektoren. Barnehagane som er med her har sagt seg villig til å bidra som informantar fordi dei meiner at tema eg har valt for studien er interessant og viktig. Dette gjer til at dei har ei positiv innstilling til sjølve studien. Det kan vere med å påverke dei svara som informantane kjem med. Sjølv om informantane skulle ha ein positiv innstilling, vil deira

meningar og erfaringar som kjem fram likevel representere barnehagesektoren og såleis vere gjeldande.

Eit av spørsmåla som var med i intervjuguiden handla om rammeplanen. Då det viste seg at dette ikkje blei stilt ved dei to første barnehagane sine intervju vart det sendt ut e-post i etterkant til dei to barnehagane det gjaldt. Her kom det inn svar frå ca. halvparten av dei intervjua. Det kan derfor vere ein svakheit at i dette spørsmålet manglar ein svar frå alle informantar. Då eg har svar frå 6 av 10 informantar har eg valt å nytte svara på lik linje med dei andre svara frå informantane.

Det som eg ser som ein styrke i min studie er at dei tre barnehagane eg har valt som informantar, har ulike tradisjonar innanfor mattilbodet og dei er i ulike deler av landet. Sjølv om dei er berre tre, vil resultata som kjem fram i analysen vise meningar og erfaringar frå styrar og pedagogisk leiar frå same barnehage frå tre ulike geografiske områder og med ulikt opplegg for mattilbodet i barnehagen.

4.5.3 Validitet, reliabilitet og generalisering

I forskning er vurdering av studiens validitet eit mål i seg sjølv. Kvale & Brinkmann viser til at validitet blir definert som ein uttales sanning, riktigheit og styrke (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 276). Ved å bruke semistrukturerte intervju kunne eg stille oppfølgingsspørsmål eller be informanten forklare nærmare om det var noko eg følte var uklart ved svaret for å vere sikker på at det vart riktig atskapt. For studien sin validitet måtte eg difor halde fram med å vere objektiv gjennom heile studien av same grunn. Høgheim meiner at grad av sannheit i ein konklusjon, handlar om å erkjenne styrker og svakheiter med eigen forskning. Han viser til indre validitet som er knytt til sikkerheita rundt slutningar ein trekker som årsaksamanheng (Høgheim, 2020, s. 80). Sidan eg kjenner barnehagesektoren godt gjennom min profesjon som barnehagelærer, måtte eg vere objektiv i møte med mine informantar og open for at det kunne vere alternative tolkingar. Høgheim nemner også ytre validitet, som handlar om kva grad av sanning i slutninga man kan gje dei som ein forskar på. Kan ein anta at det vil gjelde for fleire enn akkurat dei som var med i studien? (Høgheim, 2020, s. 80). Eg meiner at dei 10 informantane som var med i studien gav eit representativt menings ytring som viser meninga til tilsette i barnehagesektoren. Svara som vart gitt av informantane ser eg difor på som konkrete og aktuelle for studien.

Reliabilitet

Alle metodevala eg har gjort er med å påverke kvaliteten på studien, som igjen er med på å bestemme kor mykje ein kan stole på resultata som studien kjem fram til, altså studien sin reliabilitet. Kvale og Brinkmann seier at reliabilitet har med konsistens og truverdigeheit til dei resultata som studien kjem fram til, og omtales ofte i samanheng med spørsmålet om kor vidt eit resultat kan reproduserast på andre tidspunkt med andre forskarar. Det har med å gjere om informantane ville endre sine svar i eit intervju med ein anna forskar (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 276). Eg opplevde at informantane i studien gav gode, gjennomtenkte erfaringsbasserte svar som klart gav uttrykk for informantane sitt syn. Sjølv om det kunne vere ulikt kor mykje kvar enkel informant svarte på kvart spørsmål, er eg av oppfatninga at informantane gav sine svar utifrå den enkelte sitt synspunkt.

Generalisering

Viss resultata frå ei intervjuundersøking blir vurdert som rimeleg påliteleg og gyldige, er spørsmålet om resultata er av lokal interesse eller om dei kan overførast til andre intervjupersonar, kontekster og situasjonar. Eit spørsmål som ofte blir stilt når det gjelder intervjustudiar, er om funna er gjenstand for generalisering (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 289). Denne studien er basert på 10 informantar i tre ulike barnehagar, geografisk ulikt plassert i landet, sine svar på spørsmål om mat og måltid i barnehagen. Dette er gjennom intervju med ein forskar som har bakgrunn som barnehagelærer på lik linje med informantane. Eg vil derfor i denne studien ta fram det som Kvale & Brinkmann kallar for *naturalistisk generalisering*. Naturalistisk generalisering er basert på personlege erfaringar og kviler på stillteiane kunnskapar om korleis noko er, og gjer forventingar heller enn formelle openbaringar. Ved å utrykke det i ord går det frå å vere stillteiane kunnskap, til å bli eksplisitt og konkret kunnskap (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 290). Ved å gå inn i tre ulike barnehagar og intervjuer omkring temaet måltid i barnehagen, ber eg informantane om å komme med sin kunnskap omkring temaet. Dei blir bedt om å sette ord på kva dei meiner om temaet utifrå den erfaring som arbeidet i barnehagen har gitt dei. Dalland, (2020), viser at ved hjelp av det teoretiske utgangspunktet for studien kan ein gjere ei vurdering om at funna som blir gjort også vil kunne gjelde for andre i same situasjon. Om ein meiner at det er tilfelle, kan ein generaliserer funna. Då vil kunnskapen frå studien ikkje berre gjelde i dette enkelttilfelle, men ha betydning for andre i lik eller liknande situasjon (Dalland, 2020, s. 223). Sjølv om mat og måltid er ein fellesnemnar for alle barnehagar i landet så vil ikkje funna frå denne studien

kunne generaliserast. Eg er likevel av den oppfatning at det denne studien kjem fram til, vil andre barnehagetilsette kunne kjenne igjen.

4.6 Etiske omsyn

I avsnittet under vil eg vise til etiske omsyn som er vesentlege for denne studien og på kva måte dei er tatt omsyn til. Kvale & Brinkmann meiner at etisk ansvarleg heit inneber at vi markerer eit tydeleg skile mellom forskaren sitt eige perspektiv og presentasjonen av den forståinga som informantane har (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 184-185).

4.6.1 Profesjon og forskar

Ein forskar sin rolle som person og forskaren sin integritet, er avgjerande for kvaliteten på den vitenskaplege kunnskap. Integriteten aukar i samband med intervju for intervjuaren er sjølv det viktigaste reiskap for innhenting av kunnskap. Altså er forskaren sin integritet, den kunnskap han eller ho sitter med, erfaring, ærlegdom og rettferd ein avgjerande faktor i kvalitativ forskning (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 108). Min profesjon er pedagog, noko som ligger sterkt i meg som person då det har vore mitt yrke i 20 år. Min profesjon kan difor vere den som til tider vil ynskje å ta over det som forskaren skal sjå på. For masteroppgåva er det viktig at eg er klar på og skjel mellom det å vere pedagog og det å vere forskar. Det å gå inn i ein anna barnehage, ein organisasjon som ynskjer deg velkommen slik at du skal kunne få ta del i deira tankar, verdiar og handlingar om aktuelle spørsmål, er ikkje ei oppgåve ein skal ta lett på. Berit Bae tar for seg dette i artikkelen «*Troubling the Identity of a Researcher*» (Bae, 2005). Her viser Bae til at det er spesielt viktig for ein forskar å vere forståingsfull, open og bekreftande når ein går inn i forskning i barnehagesamanheng. Forskaren bør prøve å halde seg til ein gjenkjenande og sjølvreflekterande måte for ikkje å bidra til reduksjonisme og objektivere tilsette og deira arbeid (Bae, 2005). Ved å nytte pedagogen i meg til forståing for profesjonen og forskaren i meg si nyfikenheit, vil eg vere gjenkjenande og ha forståing for arbeidet som blir utført i barnehagen, samtidig som forskaren i meg er open for dei erfaringar og haldingar som informantane gjev gjennom intervju. Thagaard (2018) viser til at forståinga forskaren kjem fram til er basert på samarbeidet mellom forskar og informant. Under feltarbeid utviklar forskaren ei forståing av informantane sitt syn på situasjonar, den oppfatning dei har av eigne erfaringar og korleis dei samhandlar i den sosiale konteksten dei er i (Thagaard, 2018, s. 41). Eg har ikkje hatt langvarig feltarbeid i denne studien, men har god kjennskap til temaet eg forskar på, då eg i lang tid har hatt interesse for mat og måltid i barnehagen. Derfor blir dette viktige element som er sentrale for mi forskning. Eg lar min profesjon vere til hjelp for å forstå informantane, samtidig som forskaren i meg lar sin

nyfikenheit og openheit vere det styrande elementet i kvart eit intervju, og seinare i analysen av same data. Det er vesentleg at forskaren som er ute i feltet og hentar inn data frå informantar, held seg til dei fakta og svar som informantane gjev, utan å påverke eller legge egne meiningar til grunn. Eg må vere objektiv, samtidig som eg forstår informantane og formidlar svara deira slik dei var meint. Som barnehagelærer har eg erfart ein taus kunnskap at ein engasjerer seg, ein deltar i debattar, ein synleggjer sine meiningar om eit tema med andre i same profesjon. Eg kjente at det av og til var vanskeleg for meg å ikkje engasjere seg under intervjuet. Dette blei feil å gjere. Her var eg forskaren som ville få kunnskap om intervjupersonen sitt syn og meining. Mi meining og mitt engasjement for tema var ikkje noko som skulle vere synleg her.

4.6.2 Ansvarsetikk

Høgheim (2020) snakkar om ansvarsetikk som ein av fire etiske refleksjonar. Høgheim beskriver ansvarsetikk som fokuset på mellommenneskelege forhold, med særleg fokus på maktrelasjon mellom menneske (Høgheim, 2020, s. 88). Kvale & Brinkmann seier det er fire etiske spørsmål ein kan sei som tommelfingerregel ein bør stille seg før ei intervjuundersøking. Det er informert samtykke, fortrulegheit, konsekvensar og forskaren si rolle (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 102). Ved å vere den som samlar inn informasjon under eit intervju for seinare å analysere data opp mot teori, er forskaren i ein posisjon som kan brukast på feil måte. Det er av stor viktighet at informantane får komme med sine synspunkt og at dei blir behandla med respekt for svara dei gjev. Det er i gjennomføringa av intervjuet eg som forskar får heile bildet som svara informantane gjev. Då er det mitt ansvar å behandle svara slik at dei blir rett framlagt i oppgåva.

4.6.3 SIKT og samtykke

For at svara informantane kom med skulle bli gjenfortalt så rett som mogeleg, nytta eg lydopptakar for kvart intervju, noko som medfører at eg samlar inn data som blir rekna som personopplysningar. Sidan eg gjennomfører eit arbeid som forskar må eg halde meg til retningslinjene til SIKT, som er personverntenester for forskning. Søknad til SIKT der eg omtalte prosjektet, beskrev aktuelle informantar og søkte om løyve for å utføre intervjuet vart sendt inn i forkant av intervjuet. Eg nytta meg av SIKT sin eigen mal for samtykkeskjema for å vere sikker på at informantane sine rettigheter og personvern vart tatt vare på. Malen tilpassa eg prosjektet mitt. Alle informantar las og skreiv under før kvart intervju starta. På den måten var dei informert om kva dei var med og samtykka til deltaking i. Søknaden til SIKT vart sendt i samråd med begge mine rettleiarar på masteroppgåva. Etter at søknaden vart

godkjent, starta innhentinga av datamateriell frå barnehagane. Barnehagane og dei tilsette er anonymiserte slik at det ikkje skal vil vere mogeleg å finne tilbake til kven som har sagt kva.

I arbeidet med analysen laga eg ein kort anonymisert presentasjon av kvar barnehage. For at presentasjonen ikkje skulle innehalde feil informasjon, eller informasjon som barnehagane ikkje var einige i, vart dei sendt til styrar i kvar enkelt barnehage for godkjenning før dei vart tatt med under kapittel 5.0 Funn.

5.0 Funn.

I dette kapittelet presenterer eg analysen som er gjort av det innsamla materiale frå semistrukturert intervju med tilsette i dei tre barnehagane som er med i studien. Eg har ikkje gjennomført observasjon i desse barnehagane og har berre fakta på det som informantane har sagt å støtte meg på i arbeidet med analyse og seinare diskusjon. Eg gjev først ein kort presentasjon av kvar barnehage. For å bevare anonymiteten til barnehagane vil eg kalle dei for barnehage A - B og C. Deretter vil eg syne korleis dei tilsette oppfatta dei ulike faktorane sin påverknad på mattilbodet i barnehagen.

5.1 Presentasjon av barnehagane.

Den korte presentasjon av dei tre barnehagane som var med i studien gjer eit lite innblikk i deira organisering av måltid.

5.1.1 Barnehage A

Denne barnehagen har eit eige ideologisk syn som dei driv etter. Det medfører at dei ikkje har kjøtt eller fisk på sin meny, men økologiske matvarer etter eit vegetarisk prinsipp når det gjelder mat. Det er dei vaksne som bestemmer kva som står på menyen med barna sine ynskjer tatt i betraktning. Barnehagen har varmt måltid som hovudregel kvar dag og alle tilsette er med å lage til maten. Dei er opptatt av å vere berekraftig i sin handtering av mat og dei bruker lokale resursar der det er mogleg. Det betyr at dei handlar hos lokale bønder i lag med at dei får levert varene direkte frå grossist. Dei har i tillegg ein større kjøkkenhage som gjer dei sjølvforsynte med varer til langt utpå hausten. Denne barnehagen er privat.

5.1.2 Barnehage B

Mattilbodet i barnehagen er brødmatt fire dagar i veka med ein fast dag i veka der det blir servert eit varmt måltid. Den dagen barnehagen har det varme måltidet er barna i barnehagen delaktige når det gjelder å vere med på å lage til. Det er dei vaksne som bestemmer kva som står på menyen og kva som blir handla inn av pålegg til brødmatten og til det varme måltidet.

Barna sine ynskjer blir tatt omsyn til her. Dei vaksne deler på å lage til maten og har ingen eigen person som tar seg av dette. Barnehagen dyrkar egne grønsaker i småskala kvar vår – sommar. Denne barnehagen er kommunal.

5.1.3 Barnehage C

Mattilbodet i barnehagen er brødmatt fire dagar i veka med ein fast dag i veka der det blir servert eit varmt måltid. Dette er ein naturbarnehage som har eit sterkt fokus på å vere mykje ute og lage til måltid også ute. Barnehagen har ein fast vaksen som har ansvaret for kva som skal handlast inn til brødmåltidet og kva som står på menyen når det er varmmat. Det er også den vaksne som har hovudansvaret for å lage til varmmaten ein dag i veka. Brødmåltidet har alle ansvar for å lage til. Barnehagen har ein kjøkkenhage som dei er opptatt av å dyrke fram ulike typar grønsaker som dei kan bruke i matlaginga. Denne barnehagen er privat.

5.2 Faktorane sin påverknad på mattilbodet i barnehagen.

Dette avsnittet vil vise dei ulike faktorane og kva for påverknad dei hadde på mattilbodet til barna i barnehagane basert på svara frå informantane. Eg har valt å presentere dei etter ei rekkefølge som vil passe inn i Bromfenbrenner sin utviklingøkologiske modell der eg startar med faktorane som har plass ytterst i Makro nivået for deretter bevege meg innover i modellen til Mikro nivået.

5.2.1 Påverknaden til helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen.

Gjennom spørsmåla som omhandlar kva for rolle helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen har i det daglege når det gjelder måltidet i barnehagen, svarar informantane at det er retningslinjer som går fint å følgje. Dei føler at det ligger i måten måltidet er lagt opp og dette er retningslinjer som kjem inn under som det som ein kallar «taus kunnskap» sjølv om ingen av informantane siterte det sjølv, men gav uttrykk for at dette er ein naturleg del av arbeidet når det gjelder mat og måltid i barnehagen.

«Eg synes ikkje det er så komplisert. Nei eg tenke jo at det er sånn vi driv veldig i tråd med uten at vi kanskje har tenkt så mykje over det». Pedagogisk leiar barnehage C.

«Helsedirektoratet er ikkje noko du lesar deg opp på, men rutinane dine dei har du». Pedagogisk leiar barnehage A.

På spørsmålet om retningslinjer som ein er opptatt av å følgje i høve måltidet kjem det fram ulike svar. Nokon bruker dei bevisst i samarbeidet med foreldre både for å informere og for å grunngi kvifor avgjersler blir tatt i høve mat og måltidet i barnehagen.

«Veldig opptatt av det. Prøver å vere veldig bevisst på det og bruke dei anbefalingar som er gitt der. Eg siterer også til helsedirektoratet til foreldre når eg informerer om ting når det kjem til mat». Styrar barnehage C.

Andre er ikkje like sikre på kor godt desse kjem fram, og kva for kunnskap som ligger blant dei tilsette i barnehagen når det gjelder helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen. Informantane er likevel bevisste på at retningslinjene er der og ein bør følge dei, sjølv om det er ulike haldningar til kor viktig det er å følge dei heilt etter slik dei står skrive.

«Altså vi klarar å følgje helsedirektoratet sine retningslinjer heile tida, det må me jo gjere. Det er jo masse lover og reglar». Styrar barnehage B.

«Eg veit jo på ein måte kva som er lov og kva som ikkje er lov og kva som er bra og kva som ikkje er bra, eg sitter liksom, eg har ikkje nilese på forskriftene». Pedagogisk leiar barnehage A.

5.2.2 Tilsette sin oppfatning av rammeplanen sin påverknad.

Eit av spørsmåla som eg hadde var i kva grad rammeplanen med sitt fagområde «*Kropp, bevegelse og helse*» gav kunnskap om mat i barnehagen. Her har eg ikkje svar frå alle av informantane, men sidan det er over halvparten som svarte tar eg dei med. Dei meinte rammeplanen for barnehagen gav eit grunnlag ved at den sa noko om korleis ein skulle legge opp til at barna fekk eit variert kosthald med sunne matvarer. Fagområdet gav ikkje tilsette noko kunnskap om mat.

«*Rammeplanen gir ikkje direkte kunnskap om mat i barnehagen, men den grunngir kvifor og korleis mat skal vere ein viktig del av barnehagekvardagen*». Pedagogisk leiar barnehage B.

Som jeg leser fagområdet sier det at barna skal få en forståelse for sunn mat, matens opprinnelse, delta i matlaging og ha gode måltidssituasjoner. Hva dette konkret innebærer fremgår ikke. Jeg vil ikke si at jeg får kunnskap om mat i barnehagen gjennom å lese dette fagområdet. Pedagogisk leiar barnehage A.

Dei meinte rammeplanen med fordel kunne vert meir presis i sin måte å sei noko om kva som var sunn mat. Rammeplanen kunne gjeve meir kunnskap om kva som bidrog til eit godt kosthald utan at dette vart pålagt kvar enkelt tilsett sine eigne erfaringar og haldningar på kva som var sunn mat.

Rammeplanen seier mykje bra om mat og måltid, men det er (som med mykje anna i rammeplanen-meiner eg) lite presist. Det står mellom anna at barna skal motiverast til å ete sunn mat og få forståing for korleis sunn mat bidreg til god helse, men mi erfaring er at dersom det blir vurdert ut frå kvar enkelt tilsett si meining om kva som er sunn mat vil det variere veldig ut frå eigen erfaring, haldning, bakgrunn/kultur osv. Pedagogisk leiar barnehage B.

Det kom fram at informantane meinte at rammeplanen var representert i barnehagen sine måltid gjennom andre av dei sju fagområda som barnehagen har.

«Ja eg har jo brukt den i de sansleik prosjektet. At dei får ulike sanseopplevingar at dei blir kjent med råvarer og slik sett så heng det i hop». Pedagogisk leiar barnehage C.

Likevel var det eit ynskje om at ein meir presis formulering frå rammeplanen si side ville vere meir nyttig i arbeidet med mat og måltid. I intervjuet med tre pedagogiske leiarane kom det fram ein samtale der dei synte til at rammeplanen sine sju fagområde dekker mykje av det som er av innhald i eit måltid. Men formuleringa av tema mat er for lite konkret og derfor mykje opp til den enkelte å tolke kva som er sunt å servere i barnehagen sitt måltid.

Ein av pedagogane som svarte på dette spørsmålet meint det skulle vere fullt mogleg å hente inn kunnskap til dei som trengte å lære, gjerne frå dei som hadde meir erfaring, eller ved å delta på kurs. Og meinte ansvaret for å fylgje opp det som rammeplanen inneholdt, låg hos pedagogen og barnehagen.

5.2.3 Barnehagelærarar utdanning, kva har den betydd i høve kompetanse om mat.

På spørsmål om korleis barnehagelærarutdanninga hadde bidratt til kva dei hadde lært når det gjaldt mat og ernæring i si utdanning, var det mange like svar sjølv om variasjonen i arbeidserfaringa var frå eit til 21 år. Den pedagogiske leiaren med minst erfaring i studien svarte dette på spørsmålet om kva ein tenkte om utdanninga når det gjaldt mat og ernæring i kvardagen til barna.

Pedagogisk leiar: «Pedagogikken er ikkje er med. Eg følte at eg lærte ingenting».

Spørsmål frå intervjuar: «Når vart du utdanna»?

Pedagogisk leiar: «I fjor (2021) så eg er ganske fersk» Pedagogisk leiar Barnehage A.

Informanten med mest erfaring var ein av styrane som hadde 21 års erfaring. Svaret her har mykje likskap med svaret frå pedagogisk leiar med eit års erfaring.

Styrar: «Eg tenker at den er for dårleg. Veldig veldig få poeng av bachelorutdanninga e jo via til mat og helse.» Styrar barnehage A.

Her meiner alle informantane at det var lite fokus på mat og ernæring når det gjaldt utdanninga som dei tok for å bli barnehagelærar. Når det er 2,5 poeng av 180 i barnehagelærarutdanning som blir via mat og måltid i løpet av utdanninga, (Ryslett & Håberg, 2022) vil ein kunne sei at svara er som ein kan forvente frå eit slikt utdanningsløp. Dette er eit funn der alle informantane hadde lik oppfatning av kor mykje, eller i dette tilfelle, kor lite, barnehagelærarutdanninga hadde hatt om mat og ernæring.

5.2.4 Korleis har økonomi påverknad på måltidet i barnehagen. Delt i kostpengar og bemanning.

Kostpengar.

Alle informantane synest mat var dyrt og ein måtte vere ops på kva ein handla inn av varer til måltidet. Det måtte ikkje nødvendigvis vere eit stort utval pålegg på bordet alle dagar, men god variasjon slik at det ikkje gjekk mat til spille. Å gå igjennom varelageret til barnehagen og sjå på kva ein trengte og hadde behov for før handling var det rutinar på. Den eine barnehagen hadde også eit berekraftig perspektiv om ikkje å kaste mat, men bruke opp det som ein hadde og lage nye rettar utifrå restar.

«Frå denne barnehagen blei starta så har vi fokus på ikkje å kaste mat». Pedagogisk leiar, barnehage A.

Budsjettet som barnehagane hadde å holde seg innanfor var i følge informantane styrt av foreldrebetalinga. Her låg alle barnehagane innanfor det som statistisk sentralbyrå syner er gjennomsnittspris for foreldrebetaling når det gjelder matpengar i barnehagen. I 2022 var dette kr 336,- (Statistisk sentralbyrå, 2022). To av informantane frå same barnehage svarte at prisen hadde noko å sei for foreldre, og det å aukeprisen utgjorde litt når ein hadde fleire barn i barnehagen. Dei andre informantane var av den oppfatning at foreldre ikkje var opptatt av prisen på mattilbodet. Dette grunn gav dei blant anna med at barnehagen sitt tilbod var rimeleg, og at dei aldri, sjølv med lang fartstid i barnehagen, hadde fått nokon som helst tilbakemelding på det.

Alle dei tre barnehagane hadde fokus på at måltida skulle vere sunne og gode. Det var likevel ingen av informantane som meinte økonomien gjekk utover måltidet sitt innhald. Fleire påpeika at maten i det siste var blitt dyrare og ein måtte passe på å halde seg innanfor dei økonomiske rammene som barnehagen hadde når det gjaldt innkjøp av mat. Nokre av informantane sa at det nokre gangar vart handla billigare produkt enn før. Barnehagane var bevisste i måten dei brukte maten så det skulle vere minst mogleg som blei kasta. Eit ynskje om fleire varme måltid hos dei som hadde varmmat ein dag for veka, blei sett opp imot at økonomien ikkje gav rom for å ha fleire varme måltid.

«At vi kanskje hadde valt litt anna typa og litt meir av den varmmat lunsjen viss vi hadde hatt litt romslegare økonomi». Pedagogisk leiar barnehage C.

Barnehagen som hadde varmmat kvar dag var også opptekne av økonomi når det gjaldt kva ein handla inn av råvarer. Ideologien barnehagen hadde gjorde til at nokre råvarer var dyre å handle inn. At innhandlinga av mat var blitt dyrare vart også nemnt av dei to andre styrarane

på spørsmålet kva økonomi hadde for påverknad på mattilbodet. Likevel var det ingen av barnehagane som meinte det vart handla inn dårlegare eller usunne matvarer fordi råvarene var blitt dyrare. Kostholdet i maten som barna fekk var framleis godt og variert. Ingen av barnehagane hadde innkjøpsgrense ved handling av mat og dei tilsette prøvde å vere bevisst ved innhandling samt berekraftig i måten maten vart brukt på, slik at det vart lite matsvinn.

Bemanning.

Nokre av informantane hadde eit ynskje om at det hadde vert ressursar til ein eigen person som hadde hatt ansvaret for alt som hadde med måltidet sine praktiske gjeremål, som å lage til og rydde opp etter maten. Dette vart sagt var tidkrevjande fordi det var mange som skulle ha mat samtidig.

«Hadde det vore økonomi i det så hadde vi jo veldig gjerne ønska oss ein person som kunne ha ansvar for mat». Pedagogisk leiar barnehage B.

5.2.5 Tilsette om eigen påverknad på mattilbodet.

Pedagogiske leiarar var dagleg saman med barna i måltidet. Dei tre styrarane var noko ulike i meiningane på kva måte dei hadde påverknad på måltidet i barnehagen. Ein styrar var veldig opptatt av varmmåltidet og synest det var ein viktig del av barnehagekvardagen, sjølv om barnehagen hadde varm mat berre ein dag for veka. Ein styrar var av oppfatninga at ho hadde liten påverknad på mattilbodet og meinte at dei pedagogiske leiarane hadde god kontroll på måltidet. Ein styrar viste til ideologien til barnehagen og at barnehagen hadde Debu godkjenning. Ei godkjenning som sa noko om kva barnehagen brukte av pengar på mat og at 90% av all mat som vart servert var økologisk.

«Vi har jo ein filosofi, men det er jo klart at æ har påvirkning». Styrar barnehage A.

Også dei pedagogiske leiarane hadde noko ulik oppfatning på kva for påverknad dei hadde på mattilbodet. Her vart det tatt fram barnehagen sin tradisjonen som dei vidareførte med innslag av deira eigne haldningar, innan for ein viss ramme. At ein ikkje skulle skeie ut og framleis ha det sunne brødmåltidet som barnehagen hadde som sin tradisjon. Den påverknaden dei hadde på maten ved å vere dei hadde som ansvar for å handle inn til måltidet. Det faktum at ein som pedagogisk leiar kom med innspel som vart tatt med vidare i diskusjonen når det gjaldt mat i barnehagen, og at barnehagen hadde fokus på lage mat frå botn.

Pedagogane viser til at dei har ein påverknad, men dei syner samtidig til rammene som ligger til grunn for måltidet som t.d. tradisjonen til barnehagen. Måltidet sitt innhald var ikkje noko

som dei aleine var med å bestemme, men som var gjort i fellesskap i lag med dei andre i personalgruppa.

5.2.6 Føresette sin rolle i høve mattilbodet til barnehagen.

På kva måte føresette er opptatt av mattilbodet og kva det inneheld svarar informantane mykje ulikt på. Foreldre er opptatt av mattilbodet, men på ulike måtar. Nokon er opptatt av innhaldet mens andre er opptatt av at barna får mat og eter seg mette i løpet av barnehagedagen med det som dei får servert. Nokre informantar synes at det var vanskeleg å svare på kor viktig føresette synes det var med mattilbodet i barnehagen. Ein ting som gjekk litt igjen var at foreldre var ulike på kva dei meinte om mat og informantane sat med oppfatninga av at foreldre var delte og hadde ulikt syn på temaet mat i barnehagen.

«Eg trur dem har litt ulikt syn da på kva og litt ulike forventinga på en måte til kva barnehagen skal tilby». Pedagogisk leiar barnehage C.

«Eg trur nok da e veldig delt kva foreldre meiner, men jamt over så har vi jo inntrykk av at dei syns at måltidet e bra». Pedagogisk leiar barnehage B.

5.2.7 Barna sin påverknad på mattilbodet.

Barna deltar i noko grad når det gjelder å lage til måltidet. Det kan vere å dekke bordet, skjere opp grønnsaker eller liknande. Barna har ikkje mykje påverknad på innhaldet til måltidet. Påverknaden barna har er når dei fortel kva dei likar å ete, eller dei vaksne ser kva det er barna likar godt. Det same gjelder på det som barna fortel dei vaksne kva dei ikkje likar, eller dei vaksne sjølv ser det. Dette skjer som oftast når barn og vaksne er saman i måltids situasjonen.

«Dem har jo ein påverknad og medverknad med at dem er med å laga, men det er nok områdar dem få bestemme mere». Styrar barnehage A.

Frå intervju med pedagogisk leiar i barnehage C kom det fram korleis dei minste i den barnehagen hadde påverknad på måltidet.

Pedagogisk leiar: «På mi avdeling så har dei ikkje hatt så stor påverknad.

Intervjuar: Du jobbar på småbarnsavdeling?

Pedagogisk Leiar: Ja. Det er vel berre det at vi prøver å motivere dei å skape entusiasme og snakke om råvarer. Pedagogisk leiar barnehage C.

Den eine barnehagen sine informantar var opptatt av at barna skulle kunne ta med litt av sin kultur frå heimen inn i barnehagen når det gjaldt mat som dei hadde heime. Samtidig som

barnehagen var med å bidra til at barna sine val av mat i barnehagen tok dei og med vidare inn i eigen heim.

«Ungane smakar på litt forskjellig som dei kanskje ikkje ete heime». Pedagogisk leiar barnehage B.

«Vi har jo foreldre som ringe og spør «kva eter dei i barnehagen, vi får ikkje i dei noko heime». Styrar barnehage B.

5.2.8 Matglede og matkultur i barnehagen.

Ordet viktig kom frå alle informantane i ein positiv setting når det kom til spørsmålet «Kor viktig er matglede og matkultur i barnehagen?». Sjølv om ein kan sei spørsmålet i seg sjølv dreia svaret inn på ordet viktig, kom det meir utdjupa svar som inneheldt kva informantane meinte om kva matglede og matkultur er, og kva det betyr i ein barnehagekvardag. Ein pedagogisk leiar i vart overraska etter kort tid i barnehagen, over alt det visste seg eit måltid kunne innehalde.

«Ein brukar måltidet til så utrulig mykje. Ein skapar relasjon til barna». Pedagogisk leiar barnehage A.

Også andre informantar trakk fram det var mykje meir ved eit måltid utover det at barna skulle ete seg mette. Måltidet var med å lære vidare kultur, ein lærte å dele, vise takknemlegheit og skape gruppefellesskap hos barna. Måltidet var ein god arena for barna å få kjenne på ei ro og bruke den tida dei trengte på måltidet saman med vaksne som deltok på lik linje som barna i måltidet. Mat har ein sentral plass i barnehagen sin kvardag og dei tilsette såg på mat og gleda over eit måltid som viktig. Sjølv om informantane i denne studien var tilsett i tre ulike barnehagar på geografisk ulike områder i landet, var meiningane når det gjelder viktigheita av matglede og matkultur tydeleg noko som var av mykje lik oppfatning.

«Eg vil sei at den er veldig viktig, for både ansatte og unga, og også for foreldrene sin del». Styrar barnehage C.

5.2.9 Tilsette sine meiningar om barnehagane sine måltid.

Noko som var litt interessant etter å ha lest alle svara på spørsmålet «kor ofte får barna tilbod om fisk og kjøtt, er at svara sine innhald gjaldt berre fisk. Kjøtt blir nemnt som pålegg i andre spørsmål. Det er ingen som seier eller presiserer at dei har kjøtt som pålegg, eller som varmmat. Pølser, taco og pizza kjem opp i spørsmålet som omhandla barna sin påverknad på mattilbodet, så det er jo noko barna får servert i barnehagen. Det kjem også tydeleg fram at informantane stort sett var veldig nøgde med måltidet slik det var i dag. Dei få endringar som kom fram som ynskjeleg var blant anna fleire varmmåltid. Dette gjaldt både barnehage B og C. I barnehage B var det også eit ynskje om å hatt ein vaksen ressurs som hadde ansvaret for å

lage til og rydde opp etter mat. Utover dette var dei tilsette nøgde med det måltidet som barnehagen hadde som tilbod i dag. Det var eit måltid som var enkelt å lage til og var ein vanleg måte å ete lunsj på i Noreg. Måltida var slik det hadde vert vanlig å ha måltidet over lang tid i begge desse barnehagane. I barnehage A som hadde varm mat kvar dag, var det ingen som ville endre på måltidet. Det kan virke som at måltida i desse tre barnehagane var bygd opp gjennom barnehagane sine tradisjonar i lag med dei tilsette sine tilføringar gjennom åra.

«Det er liksom vi som er her som bringer inn til bordet det som skal vere her og så har vi ein tradisjon når det gjelder å dyrke grønnsaker». Pedagogisk leiar, barnehage A.

6.0 Drøfting av funna

Fokuset mitt for dette forskingsprosjektet var å undersøke på kva måte ulike valte faktorar hadde påverknad på mattilbodet i barnehagen. Dette kapittelet oppsummerar og diskuterer funna som kom fram frå analysen. Funna er sett i lag med det teoretiske rammeverket for oppgåva som er Urie Bronfenbrenner (1979) sin utviklingsøkologise modell i lag med tidlegare forskning som er gjort innanfor tema mat og måltid i barnehagen. Eg synleggjer på kva måte dei ulike faktorane påverka barnehagen sitt måltid. Som ein oppsummering av kapittelet tar eg igjen fram modellen til Bronfenbrenner (1979) og viser kvar dei ulike faktorane har plass i modellen. For å gjere det oversiktleg har eg valt å bruke dei valte faktorane som overskrift for kvart avsnitt med påfølgjande diskusjon.

6.1 Helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid med barnehagen sine rutinar

Det kan virke som, sjølv om ikkje nokon av barnehagane hadde tilsette som ramsa opp helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen, så var tilsette bevisste på retningslinjene, og at det var retningslinjer som var til beste for barn og måltid i barnehagen. Rapporten frå helsedirektoratet (2012) tok opp styrar og pedagogisk leiar sine kjennskap til retningslinjene frå helsedirektoratet. Svare synta at 90% av styrarane og 70% av pedagogiske leiarar kjente til retningslinjene. Frå helsedirektoratet si undersøking i 2005 som rapporten viser til for å sjå endring fram til 2012, var dette ei positiv auke, spesielt blant pedagogiske leiarar. Ein auke som blei forklart med at det var iverksett tiltak frå myndigheitene som hadde hatt positiv effekt (Helsedirektoratet, 2012). Eng et al., (2021) viser i artikkelen *«Matomsyn i barnehagemåltidet»* at kjennskapen som personalet i barnehagar har når det gjelder helsedirektoratet sine retningslinjer ikkje er optimal (Eng et al., 2021).

I denne studien sa alle informantane at dei hadde kjennskap til retningslinjene, men det var lite utdyping av kva dei konkret var. Rutinane som dei refererte til var gode og innarbeide i barnehagen når det gjaldt måltidet, speila igjen innhaldet i retningslinjene til helsedirektoratet. Det var ein heilt naturleg del av rutinane før, under og omkring måltidet. Maten vart inntatt i fellesskap der det var samtalar mellom vaksne og barn over felles måltid. Dei hadde fokus på at måltida skulle vere sunne og varierte for borna, samtidig som dei tok omsyn til kva barna sjølv ville ha av mat og smake på av nye smakar. Hygiene som vask av hender før måltid og behandling av mat med fokus på ikkje kaste mat, men nytte all mat var og noko dei var opptatt av. Fokuset deira var og på å lage gode rammer rundt måltidet, og legge til rette for førebuingar som barna fekk vere med å delta i. I barnehage A var borna ofte med sidan dei hadde varmt måltid, og i barnehage B og C var også barna med i til rette legging av mat ved varme måltid. Borna fekk komme med sine erfaringar inn i måltidet og det vart lagt vekt på kva dei sjølv ville ha på bordet. Dette kom det og døme på at barna tok med seg inn i heimen. Her er det eit klart døme på Bronfenbrenner sin samhandling mellom to system, og i dette tilfelle mikro og mesos. Barnet blir påverka av barnehagen sine val av mat og barnet tar det med seg inn i sin eigen heim og omvendt (Bronfenbrenner, 1979). Svare til informantane gav eit inntrykk av at det er ein viss kjennskap til helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen som ligger til grunn for det som blir gjort før – under og etter kvart måltid. Dette er ikkje i samsvar med Ryslett & Håberg (2022) og Eng et al., (2021) sine studiar som påpeikar at kjennskapen til retningslinjer for mat og måltid ikkje er optimal. Viss ein ser på kva informantane refererte til når det gjaldt eigen kjennskap til retningslinjer for mat og måltid kan Ryslett & Håberg (2022) og Eng et al., (2021) sine funn stemme godt. Likevel synte svare til informantane i denne studien at sjølv om dei ikkje direkte sa kva dei 12 ulike retningslinjene for mat og måltid i barnehagen innehaldt, var dei bevisste dei. I barnehage C brukte styrar dei inn mot foreldrearbeid der vala som barnehagen gjorde i høve mat kunne refererast frå retningslinjene for mat og måltid i barnehagen. Svare til informantane synte at barnehagane sin måte å jobbe med mat og måltid inkluderte mange av retningslinjene ved at dei var innarbeide i dei daglege rutinane til barnehagane. T.d. sa alle informantane at frukt og grønt var noko som dei serverte dagleg. Grønsaker som oftast i lag med lunsjmåltidet og frukt til eit måltid om ettermiddagen. Kamisaka & Wergedahl, (2021) viser i sin studie at barnehagane har forbettringspotensiale når det gjelder å servere meir frukt og grønsaker i barnehagen sine måltid. Dei syner til at under halvparten av barnehagane serverte grønsaker i det dagleg og dei vanlegaste grønsakene var agurk, tomat og paprika i lunsjmåltidet (Kamisaka & Wergedahl, (2021). Frukt var noko som vart servert i

ettermiddagsmåltidet hos ca. 90% av barnehagen, der det mest vanlig var eple, banan, appelsin og druer (Kamisaka & Wergedahl, (2021). Helsedirektoratet (2012) sin rapport viser at 89% av barnehagane sa dei hadde tilbod om frukt fem dagar i veka, mens det var 36% av barnehagane som sa dei hadde tilbod om grønnsaker like ofte (Helsedirektoratet, 2012). Sidan det i denne studien ikkje vart spurt kva for grønnsaker eller frukt som vart servert i dei tre barnehagane til dei ulike måltida, blir det vanskeleg å sei anna enn at barnehagane var bevisste på at frukt og grønnsaker skulle vere ein del av eit dagleg inntak hos barna. Måltida vart oppgitt å ha ein tidsramme på inntil 30 minuttar der dei tilsette åt saman med barna. Det var fokus på lite sukker i kosten samt servering av mjølk og vann som drikk til måltida. I barnehage B hang helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen i plakatform i gangen mellom avdelingar. Utifrå dette kan det virke som retningslinjene var til stades som ein taus kunnskap hos dei tilsette og kom fram gjennom rutine og rammene kring eit måltid. Dette indikerer at helsedirektoratet sine retningslinjer har stor påverknad på måltidet då måltidet fylgjer mange av retningslinjene.

Informantane etterlyste ei meir konkretisering av kva det er som er meint med sunt kosthald frå rammeplan og helsedirektorat, for at det ikkje skal vere opp til kvar enkelt vaksen på avdeling å tolke dette, men at det skal vere ei meir felles forståing uttalt frå myndighetene.

Ifølgje *Nasjonal handlingsplan for bedre kosthold (2017 – 2021)* meiner regjeringa at det ikkje skal vere vanskeleg for barnehagane å innføre eit sunnare kosthald. Dei meiner det er små grep som må takast for eit sunnare kosthald. Som å fylgje helsedirektoratets kostråd: litt meir kornvarer, litt meir frukt og grønt, litt meir fisk, litt mindre kjøtt (Helse- og omsorgsdepartementet, 2017). Ei oversikt over tiltak som skal ha fokus i den nasjonal handlingsplanen sitt tidsrom, viser under overskrifta «*Måltids glede og sunt kosthald*» som nummer 1.1 at ein skal «*Fremme gode mat- og måltidsvaner i barnehagen*» (Helse- og omsorgsdepartementet, 2017).

Her kan det virke som at det som skjer på makronivået i Bronfenbrenner sin modell er for lite synleg for dei som har sin tilhald i systema på mikro og mesosnivået. Det som informantane etterlyser er tilgjengeleg frå regjeringa, men sidan dei er mest i samhandling på mikro og mesos nivået, blir det som skjer i ytterste linje i modellen for lite tilgjengeleg. Eller så er det for mykje informasjon som gjer at det ikkje kjem fram og blir ein del av nivåa som er innerst. Grunnen spekulerer eg ikkje i her, men kjem med eit forslag. Sidan det virka som rammeplanen for barnehagen var meir kjent og meir i bruk hos informantane enn kva dei følte helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid var, så kan ein måte å komme ynskje

om meir konkretisering av kva myndighetene meiner er sunt kosthald i møte, vere at rammeplanen hadde fått ei lenke direkte til helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen saman med andre aktuelle kosthaldsråd frå regjeringa. Med ei slik lenke i rammeplanen ville dei tilsette fått betre kjennskap og moglegheit for kunnskap for kva regjeringa meinte var eit sunt kosthald. Samtidig ville ein fått moglegheit for ein betre informasjonsflyt sett gjennom Bronfenbrenner (1979) sin utviklingsøkologiske modell frå makronivå og ned på mikro – mesos nivåa.

6.2 Rammeplanen for barnehagen

Barnehagen sitt samfunnsmandat når det gjelder mat og måltid kjem til uttrykk i sentrale føringar som barnehagelova (Lov om barnehagar, 2005), og rammeplan for barnehagar, (Kunnskapsdepartementet 2017). Rammeplanen er eit av barnehagen sine styringsdokument og det virka som rammeplanen var godt kjent blant barnehagane. Dei siterte til rammeplanen under intervju sjølv om rammeplanen ikkje var utgangspunktet for spørsmålet.

Rammeplanen blir oppfatta som ei vidareføring og tydeliggjering av barnehagen sitt samfunnsmandat og den har brei legitimitet i sektoren (Homme et al., 2020). Mange av rammeplanen for barnehagar, (Kunnskapsdepartementet, 2017) sine fagområda har mykje likskap med kunnskapsområda til rammeplanen for barnehagelærerutdanninga (Lovdata, 2012), noko som kan ha påverknad til at rammeplanen er eit dokument som blir brukt i barnehagen. Rammeplanen burde difor vere eit godt utgangspunkt når det gjelder påverknad på mat og måltid i barnehagen. Funna i studien indikerer når det gjaldt rammeplanen sitt fagområdet som omhandla mat, oppfatta informantane det generelt som lite konkret.

Fagområdet grunn gav kvifor og korleis mat skal vere ein del av barnehagekvardagen, men gav ikkje kunnskap om mat. Her ville dei at rammeplanen skulle ha omtalt mat og måltid i større grad og gjett meir informasjon om korleis ein kunne jobbe med temaet. Utifrå fagområdet som det vart spurt om i studien viser funna at rammeplanen har liten påverknad på mattilbodet. Det kom likevel fram gjennom andre spørsmål at rammeplanen sine andre fagområde er representerte i løpet av måltida i barnehagen. Det kan derfor virke som at sjølv om rammeplanen ikkje gjev konkret kunnskap om mat, verkar det som rammeplanen sine andre fagområde er meir nytta i samband med måltid i barnehagen. Det kan derfor verke som rammeplanen har påverknad på måltidet og rammene rundt eit måltid i barnehagen. Den kunne vert meir konkret når det gjaldt mat og ernæring i barnehagen då dei tilsette ville fått meir lik kunnskap frå eit styringsdokument dei alt brukar.

6.3 Barnehagelærer utdanning

Samlede informantar meinte at utdanninga dei hadde tatt for å bli barnehagelærer var mangelfull når det gjaldt spørsmålet om mat og ernæring. Når ein veit det er ca. 2,6 av 180 poeng i denne utdanninga som er via mat og ernæring (Ryslett & Håberg, 2022), er det heller ikkje merkeleg at svara frå informantane er slik. Forsking viser at det er eit behov for meir av tema mat inn i utdanninga (Ryslett & Håberg, 2022), noko som også denne studien er med å bekrefte. Øvrebø (2017) gjennomførte ein liten kvalitativ studie i Norge som handla i kva for grad mat og måltid i eit helseperspektiv er ein del av utdanningsforløpet til barnehagelærarar. Studien synte at dette omtrent er heilt fråverande (Øvrebø, 2017). Dette kjem og fram i rammeplanen for barnehagelærerutdanninga der mat og måltid ikkje blir nemnt som eit kunnskaps- eller ferdigheitsmål. Mat, ernæring og måltid blir ikkje nemnt direkte verken i § 2 som handlar om læringsutbytte, eller frå § 3 som inneheld struktur og innhald for barnehagelærerutdanninga (Lovdata, 2012). Eng et al., (2021) meiner ein ikkje kan forvente at barnehage tilsette skal inkludere mat og måltida i høve til formålet i rammeplanen til barnehagar, dersom det ikkje er eit tema i utdanninga (Eng et al., 2021). Ryslett & Håberg viser til det samla samfunnsmandatet som barnehagen har knytt til arbeidet med mat og måltid, eit samfunnsmandat som dessverre viser lite igjen i barnehagelærerutdanninga. Dei syner at det er eit auka behov for kunnskap om mat, måltid og ernæring i nøkkelinstantar som barnehagar i kommunane. Kompetansemangel blant nøkkelpersonell som tilsette i barnehagar, sjølv om det er gitt informasjon om materiell og nettsider ein kan ta i bruk, vil vere til hinder for implementering av ynska tiltak når det gjelder mat og ernæring i barnehagen (Ryslett & Håberg, 2022). Fjæra et al., (2022) meiner barnehagane har eit potensial til å fremje god helse for barna, men viss dei ikkje har grunnleggande kunnskap, kan det bli ei utfordring for tilsette å vite korleis dei på ein betre måte kan auke kostholds kvaliteten og god mat- og måltidspraksis (Fjæra et al., 2022). Informantane i studien viste til at dei hadde mangelfull eller ingen opplæring under utdanning. Dei synes ikkje utdanninga var god på kva dei lærte når det gjaldt mat og ernæring i barnehagen sitt måltid. Det dei satt med av kunnskap når det gjaldt mat, måltid og ernæring, var utifrå eigen interesse og kva dei gjennom privat engasjement hadde tileigna seg omkring temaet. Når det er utifrå kvar enkelt tilsett sin inntresse når det gjelder mat og ernæring, kva som blir presentert for barna som eit sunt og godt kosthald, er det for variabelt. Det er ikkje ei god løysning med tanke på barnehagen sitt samfunnsmandat når det gjelder mat og kosthald.

6.4 Økonomiske rammer rundt eit måltid i barnehagen.

Dei siste ti åra har gjennomsnitt betaling for kostpengar i barnehage endra seg lite. I 2012 var gjennomsnitt betalinga for kostpengar i barnehage mellom kr. 200 – 300 (Helsedirektoratet, 2012), i dag er gjennomsnittet kr. 350 (Statistisk sentralbyrå, 2022). Barnehagane i studien låg alle innfor dette gjennomsnittet. Fjæra et al., (2022) sin studie viser at det er ingen forskjell i kostholds kvalitet før matbudsjettet er veldig lavt, (0-199 NOK). Ved eit middels matbudsjettnivå (300-399 NOK) var det ikkje noko som tyda på at kostholdet var dårleg (Fjæra et al., 2022). Sidan barnehagane låg innanfor middels matbudsjett hadde ingen av dei større økonomisk fordel. Dei er likevel delt på kva måte økonomi påverkar mattilbodet. Informantane meiner dei har eit sundt og godt kosthald sjølv om dei må til tider ta omsyn ved handling av råvarer. Økonomien set ikkje stopper for å kunne handle inn det som barnehagane ynskjer av råvarer. To av barnehagane ville hatt eit større budsjett når det gjaldt mattilbodet. Den eine ville brukt det til å hatt ein person til å ta seg av måltidet, mens den andre barnehagen ville ha handla inn slik at det var mogleg for fleire varme måltid i løpet av ei veke. Den tredje barnehagen serverte varm mat dagleg og såg ikkje eit behov for meir bemanning i høve måltid situasjonen. Her kan det tenkast at sidan barnehagane tilbyr noko ulikt i høve innhaldet i måltidet, sitter dei igjen med ulike tankar av kva økonomi har å bety for barnehagens sitt mattilbod. Eg kjem til at økonomi har noko påverknad på mattilbodet i barnehagen, men ikkje direkte på innhaldet som er i dag. Økonomi sin påverknad handlar meir om moglegheit for fleire varme måltid i høve brødmåltid, eller bemanning på avdeling med ein vaksen som er ansvarlege for måltidet i sin heilskap.

6.5 Tilsette i barnehagen

Ryslett & Håberg, (2022) tar fram i sin artikkel at det er eit auka behov for kunnskap om mat, måltid og ernæring i nøkkelinstantar som barnehage. Dei finn at sjølv om det blir gitt informasjon om materiell og nettstadar som gjeld mat og helse, kan likevel kompetansemangel i nøkkelinstantar vere til hinder for implementering av ynska tiltak (Ryslett & Håberg, 2022). Funna indikerte at informantane sin kunnskap når det gjaldt mat og ernæring kom frå eiga interesse og tidlegare erfaring når det gjaldt mat. Nokre få av informantane sa at det var arbeidet med mat i barnehagen som hadde gitt dei kunnskapen dei hadde når det gjaldt mat og ernæring. Andre opp gav private grunnar til at dei hadde tileigna seg kunnskap om kva som var eit sunt og godt måltid. Denne studien viser det same som tidlegare forskning viser, at det er behov for å auke den matfaglege kunnskapen til tilsette. Kamisaka & Wegedahl, (2022) er også av den oppfatning at tilsette i barnehagen sine

kunnskap og haldningar er viktige personlege faktorar og ein medverkande faktor for å påverke helsesrelatert åtferd (Kamisaka & Wegedahl, 2022). Forbrukerrådet, (2018), viser til at tilsette i barnehagen har lite eller ingen kompetanse innan matlaging og ernæring (Forbrukerrådet, 2018). Når kunnskapen til tilsette baserer seg utifrå private interesser, eller det som alt er implementert i barnehagen, blir det opp til kvar enkelt tilsett på kva måte dei ser på måltidet som sunt og ernæringsrikt. Det vil vere kompetanse som barnet blir påverka av gjennom den vaksne som rollemodell ved matbordet, og påverknaden for vanar som dei sjølv tek inn i vaksenlivet. Funna i studien indikerer at informantane generelt oppfatta at dei hadde påverknad på mattilbodet i barnehagen. Dei var ansvarlege for kva som vart handla inn av råvarer til måltidet, samt at dei såg og hørte på borna sine ynskjer når dei åt saman med borna. Deira meiningar om kva som var bra i eit måltid, og innspel om innhaldet i barnehagen sitt måltid, vart tatt opp og tatt omsyn til på felles personalmøte. Dei følte dei hadde medverknad og påverknad på barnehagen sitt måltid. Med dette i tankane kan det vere naturleg å tenke at barnehagen sine tilsette har stor påverknad på mattilbodet. Funna i denne studien gjev likevel rom for tvil. Tidlegare forskning viser at det er eit auka behov for kunnskapen om mat, måltid og ernæring i barnehage (Ryslett & Håberg, 2022). Dei tilsette opplyser at det er eigen interesse som styrer kunnskapen om mat og ernæring. Det er vesentleg at tilsette har kunnskap om mat og ernæring slik at dei ikkje berre serverar barna den mat som barna sjølv ynskjer (Stand, 2022). Barna har ikkje kunnskapen om kva som er sunt kosthald, det er den vaksne sin rolle.

Funna indikerte også at barnehagane sine tradisjonar når det gjaldt mat og måltid hadde sterke røter, ein tradisjon tilsette var med å vidareføre. Tilsette meiner dei har påverknad på mattilbodet samtidig som dei viser til at tradisjonar og økonomiske rammer er faktorar som skal takast omsyn til. Helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen er også godt representerte gjennom måltidet, sjølv om dei tilsette ikkje følte seg oppdaterte på retningslinjene, men veit likevel at det er noko dei bør følgje. Det kan virke som barnehagen sine tradisjonar, (på godt og vondt), har meir å bety og er med å legge grunnlaget for rammene kring måltidet i lag med styringsdokumenta for kva den enkelte barnehage sitt måltid stort sett skal innehalde, enn kva den enkelte tilsette har? Det kan vere at barnehagen sin tradisjon med måltidet trenger påverknad frå tilsette med meir matfagleg kunnskap.

Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell (Bronfenbrenner, 1979) viser at det som skjer på makronivå har påverknad på barnet som er i mikronivå. Helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen og barnehagelærarutdanninga er begge faktorar

som ein plasserer i makronivå. Begge er faktorar som har barnet sitt beste som hensikt. Likevel oppgjer tilsette, som er i mikronivået saman med barnet, at dei ikkje har fått kunnskapen sin om mat og ernæring gjennom desse. Det kan derfor virke som tilsette har påverknad på mattilbodet i barnehagen, men sidan kunnskapen tilsette har når det gjelder mat og ernæring er utifrå eigen interesse, kan det verke som påverknaden tilsette har er innanfor styringsdokumenta og rammene som alt er sett gjennom barnehagen sin eigen tradisjon og ideologi.

6.6 Føresette og familie

Føresette og familie er dei som har det grunnleggande ansvaret for barnet sitt kosthald (Ryslett & Håberg, 2022). Sidan 93,4 % av barna i Norge mellom 1 – 5 år går i barnehage i dag (Statistisk sentralbyrå, 2022), er barnehagen ein sentral bidragsytar i samarbeid med føresette når det gjeld kosthald. Informantane gav litt ulike tilbakemeldingar på kor mykje dei trur føresette er opptatt av mattilbodet. Funna viser likevel at dei meiner føresette stort sett er nøgde med det måltidet som barnehagen hadde tilbod om. I foreldreundersøkinga (2022) som Utdanningsdirektoratet årleg tilbyr alle landets barnehagar å gjennomføre, viser scoren 3,9 av totalt 5 mogelege når det gjelder kor fornøgde føresette er med barnehagen sitt mattilbod (Utdanningsdirektoratet, 2023). Det resultatet kan tyde på at føresette på landsbasis ikkje er så nøgde med måltida som barnehagane har. Frå foreldreundersøkinga i 2021 var 72% av dei føresette nøgde med mattilbodet i barnehagen. I 2020 svarte berre 62 % at dei var fornøgde med mattilbodet, mens i 2019 var talet 72% (Utdanningsdirektoratet, 2023). Det kan tyde på at det er svingingar i kva føresette meiner om barnehagen sitt mattilbod, litt slik som informantane opp gav. Føresette var likevel opptatt av at det var variasjon i mattilbodet og at maten var sunn og variert utan innhald av for mykje søtt. Ingen av funna frå denne studien tyda på at føresette hadde noko form for organisert påverknad på kva dei meinte mattilbodet skulle innehalde. Ein av barnehagane opplyste at det var føresette som hadde ynskje om meir varmmat, utan at det vart ein endring som barnehagen gjorde. Føresette er viktige samarbeidspartnarar for tilsette i barnehagen når det gjelder til det beste for barnet (Kunnskapsdepartementet, 2017). Funna viser at føresette har liten påverknad på mattilbodet, samt indikerer at dei fleste føresette sitt engasjementet når det gjelder kosthald og mattilbod i barnehagen er av liten grad. Føresette sitt manglande engasjement når det gjelder barnehagen sitt kosthald kan komme av at dei ikkje har stor påverknad på mattilbodet. Det kan også bety at føresette i desse barnehagane som var med stort sett var nøgde med måltidet i sin barnehage, og at dei ikkje delte synet som kom fram i foreldreundersøkinga

(Utdanningsdirektoratet, 2023). Det er ein skilnad her som er vert å merke seg. Denne studien spurte ikkje føresette direkte, det er tilsette sin tolking av kva føresette meinte som er grunnlaget for funna. I foreldreundersøkinga er det føresette som sjølv svarer. Kva som kan vere grunnen til føresette sitt manglande engasjement når det gjelder barnehagen sitt måltid, med tanke på at dei tydeleg hadde meiningar om kva måltidet burde innehalde, gjev ikkje denne studien svar på. Det kan vere eit utgangspunkt for seinare forskning der føresette er informasjonskjelda.

6.7 Barnet og mattilbodet.

At barnet er ein faktor når det gjelder barnehagen sitt mattilbodet meiner eg er av viktighet. Barnet blir direkte påverka av kva det er for mat som blir servert i barnehagen, kvar dag, opptil fleire gangar. Spørsmål eg meinte var sentrale i forkant av studien og ein av grunnane til at eg ville ha med barnet som eigen faktor, var blant anna om det er verdiar i barnehagen sin pedagogikk som er styrande for korleis barnet blir tatt med i val? Om det er tilfeldighet som råder, eller har fleire barn i lag eit større meningsmot når det gjelder kva som skal serverast? Har barnet påverknad på mattilbodet?

I den eine barnehagen var informantane opptatt av at barna skulle kunne ta med seg litt av matkulturen frå heimen sin, inn i barnehagen. Samtidig som dei sa at barnehagen var med å bidra til at barna sine val av mat i barnehagen, var noko som barna tok med seg tilbake til heimen. Bronfenbrenner viser til akkurat dette når han snakkar om samhandlinga mellom mikro og mesos systema (Bronfenbrenner, 1979). Barnet som er i mikrosystemet, tar med seg sine opplevingar inn i mesosystemet, som er i barnehagen. Dermed påverkar barnet mattilbodet ikkje berre for seg sjølv, men også for dei andre barna og vaksne i barnehagen. Det same skjer når barnet tar med seg sine erfaringar frå barnehagen og tilbake i heimen. Då påverkar barnet måltidet og måltidsvanar i eigen heim. I følgje Bronfenbrenner er dette eit døme på den samhandlinga som skjer mellom to system i modellen. Barnet påverkar omgivnadane og omgivnadane påverkar barnet (Bronfenbrenner, 1979).

Etter å ha analysert svara frå informantane viser funna at barna har liten grad av påverknad på eige mattilbod i barnehagen. Borna var skjeldan og aldri med når det vart tatt avgjersler på kva mattilbodet i barnehagen skulle innehalde, kva for råvarer som skulle bli brukt, eller kva det måtte ha av pris. Borna fekk derimot sjølv velje kva dei ville ha som pålegg av det som var tilgjengeleg, og tilsette var opptatt av å sjå kva barna sjølv likte og ikkje likte. Noko som kunne resultere i at det borna likte hadde ein oftare tilbod om i måltidet. Dette er eit tydeleg eksempel på kva måte barnet sin påverknad på mattilbodet kunne vere. Ingen av barnehagane

brukte konkrete måtar for å hente inn informasjon frå barna på kva dei likte av mat. Dette blei tilfeldig registeret ved at det blei sett, eller snakka om, ved måltidet. Alle barnehagane hadde rutinar for å la barna vere med i tillaginga til måltidet, spesielt ved varme måltid. Det kunne vere å dele opp ingrediensar som skulle vere med i måltidet.

Barnehagen har eit samfunnsmandat når det handlar om mat og måltid i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2005). Det er likevel ikkje barnet som sjølv er den som er med å påverke dette i så stor grad. Rammeplanen viser til at barna skal få oppleve meistring og utfordringar i trygge rammer i lag med aktive og interesserte vaksne. Dei skal vere omgitt av vaksne som er gode rollemodellar og gjev dei gode og sunne vanar som dei tar med seg inn i vaksenlivet, både når det gjelder mat og kosthald, men også haldningar og verdiar (Kunnskapsdepartementet 2017). Då kan det vere andre som tar val for borna som gjer at dei får oppleve smakar, gode matopplevingar, enten det er å kutte opp ingrediensar til eit måltid, eller kjenne på lukter som brer seg i rommet der maten blir til. Næringsrike måltid som gjer at dagen til barnet blir full av aktivitetar som dei fint har ork og lyst til å holde på med. I følgje Forbrukerrådet (2018) hadde dei fleste barnehagar eigen kokk fram til 1990 talet. Dei laga varme måltid til barna kvar dag (Forbrukerrådet, 2018). Mange barnehagar er bevisste på å gje barna eit godt mat og måltidstilbod og stadig fleire barnehagar går over til å ha eigen kokk (Forbrukerrådet, 2018). Ser vi utanfor Norges grenser finner ein døme på handtering av barnehagen sitt måltid på måtar som kunne vert til inspirasjon for barnehage måltidet også i Norge. I den svenske barnehagelova står det at barnehagane skal servere eit sundt og næringsrikt varmt måltid kvar dag, utan kostnad for foreldra (Forbrukerrådet, 2018). For franske fagfolk i barnehagar er den lange tradisjonen med kollektive måltid levert av kommunane ein sjølvfølgje. «Likestilling» gjennom å gje alle barn den same maten til prisar tilpassa dei ressursar familiane har, er del av den sosiale funksjonen til utdanningsinstitusjonane (Greve et.al. 2019).

6.8 Mattilbodet og det felles ansvaret for maten i barnehagen

Helsedirektoratet sin rapport (Helsedirektoratet, 2012), viste at pedagogiske leiarar og assistentar var dei som hadde hovudansvaret for matlaginga i barnehagen. Dette stemmer godt overeins med svara informantane gav på kven som hadde ansvaret for maten og tillaging av mat i barnehagen. Eit interessant funn var at barnehagane i denne studien hadde eit mykje likt system når det gjaldt ansvar for å lage til måltidet. Ansvaret følgde vaktsystemet og tidlivakta var den som hadde ansvaret for å sette i gang med tillaging/førebuing av maten. Her var det likt for alle, enten det var pedagogiske medarbeidar eller pedagogiske leiarar som hadde

tidlivakt. Aadland et al., (2014) viser også til denne måten å organisere måltidet i barnehagen. I sin studie frå to barnehagar sin praksis kring måltidet, var det pedagogisk leiar og assistentar som hadde ansvaret for maten. I ein av barnehagane var det innarbeid i rutineane at det var tidlegvakta som starta med førebuingane til måltidet, noko som fungerte betre enn i den andre barnehagen der dette ikkje var ein del av rutineane (Aadland et al., 2014). Det kan derfor verke som det er ein arbeidsmåte som blir gjort av reint praktiske grunnar. Ein av pedagogane i barnehage A hadde gjort ei lita endring på dette når pedagogen hadde tidlegvakt. Pedagogen venta til mellomvakta kom på jobb før det vart starta med førebuingar til måltidet. Dette grunn gav pedagogen med at då var fleire barn komt i barnehagen og som dermed kunne få vere med å delta i førebuingane til maten. Det vart ein pedagogisk aktivitet som fleire barn fekk delta i.

6.9 Måltidet sin posisjon og rolle i den norske barnehagen.

Spørsmålet «*Kor viktig er matglede og matkultur i barnehagen?*» i intervjuguiden var tatt med for å få eit inntrykk av informantane sine meiningar om måltidet sin posisjon og rolle i den norske barnehagen. Sidan eg ikkje går inn på kulturspørsmålet i denne studien, ser eg på svara frå informantane som det dei forbinder med matkultur i den norske barnehagen.

Informantane var av felles oppfatning at matglede og matkultur var av viktigheit i barnehagen. Dette grunn gav dei med alle dei ulike måtar eit måltid kan vere med å bidra i barnehagen. Ein kan gjere bruk av alle sju fagområda til rammeplan for barnehagen og måltida er god øving på sosialisering i eit fellesskap. Det er ei roleg stund der alle rundt bordet får komme med sine tankar om kva ein skal bruke dagen på. Barna får i seg næring som dei treng for å halde fram med sine aktivitetar gjennom dagen. Barna får moglegheit til å bli kjent med nye råvarer, dei dyrkar grønsaker og er med på prosessen frå frø til det har vekse fram ein ferdig grønsak som hamner på bordet, og har god smak. Måltidet blir tatt fram som eit av høgdepunkta på dagen. Med tanke på at barn er i barnehagen på dagtid, er det også mesteparten av den tida barnet er våken. Mange av barna sine måltid har dei nettopp i barnehagen i lag med andre barn og vaksne som dei tilbringar dagen i lag med.

Rapporten frå helsedirektoratet (2012) spurte kva for faktorar styrane meinte hadde betydning for mattilbodet i barnehagen. Faktorane som blei oppgitt å ha størst betydning var bemanning og personalet sin kunnskap og kompetanse om mat og ernæring i lag med tid. Også føresette var ein faktor (Helsedirektoratet, 2012). Rapporten viste til at styrarar meinte viktige faktorar for å sikre barn i barnehage eit sunt mat og måltidstilbod, var å påverke personale sine haldningar, samt følgje dei offentlege retningslinjene for mat i barnehagen. Pedagogiske

leiarar meinte dialog med føresette om medbrakt mat, samt påverke personalets haldningar var viktige faktorar. Også tilgang til kjøkkenassistent, kokk eller liknande vart nemnt som ein viktig faktor (Helsedirektoratet, 2012). Funna i denne studien samsvarer med rapporten frå helsedirektoratet i 2012.

6.10 Bronfenbrenner sin modell og livsløpet

I høve Bronfenbrenner (1979) sin modell kan ein dra parallellar på kva for påverknadskraft dei tilsette har i dei ulike nivå og korleis dei utviklar seg i samarbeid med kvarandre. Det som skjer i barnehagen i lag med barn, føresette og dei andre tilsette er det som skjer i Bronfenbrenner sitt innerste nivå som han kallar mikro nivået. Det dei tilsette tar med seg ut i mesos og eksos nivået av erfaringar og relasjonar frå mikro nivået påverkar barnehagen sitt mattilbod og barnet si utvikling og vanar. Når ein veit at kostholds vanar som barnet får i tidleg alder blir tatt med vidare inn i vaksenlivet, har det også eit folkehelseperspektiv (Eng et al., 2021). I følgje statistisk sentralbyrå går 94,3% av alle norske barn mellom 1 – 5 år i barnehage (statistisk sentralbyrå, 2022), og dei barna som går i barnehage i dag vil vere dei vaksne som i neste generasjon er dei personane som sitter og tar avgjersler heilt ute i makrosystemet i Bronfenbrenner sin utviklingsøkologise modell. Ein kan derfor sjå på modellen til Bronfenbrenner som ein modell som ikkje berre viser utvikling og vekst hos barnet, men som også viser livsløpet til eit barn frå barn til vaksen.

6.11 Faktorane sin plassering i Bronfenbrenner sin modell

Bronfenbrenner sin modell der faktorane er plassert i dei ulike systema.

Mikro: Her er barnet og foresette sin plassering. Barnet har liten påverknad på mattilbodet. Foresatte har også liten påverknad på mattilbodet.

Mesos: Her er barnehagen sine tilsette. Dei har noko påverknad på mattilbodet.


Eksos: Her er økonomi. Økonomi har middels påverknad, men ikkje på innhaldet i mattilbodet.

Makro: Her har styringsdokumenter sin plass.

- Helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid har stor påverknad. Dei ligger som taus kunnskap i handtering av mattilbodet.

- Rammeplanen for barnehagen som styringsdokument har stor påverknad. Mange av fagområda er representert i måltidet.

- Barnehagelærarutdanninga har lite – ingen påverknad på mattilbodet.



Figur 3 Bronfenbrenner sin modell

Bronfenbrenner sin modell viser at det ytste nivået som han kallar Makro har påverknad på Mikro som er det innerste nivået der barnet er i modellen. Her ser ein klar linje mellom tiltak som blir iverksett av myndigheiter får direkte påverknad på barnet sitt mattilbod. Eit godt døme på dette er når helsedirektoratet (2012) sin rapport synte at tiltak som vart iverksett av myndigheitene hadde positiv effekt og at det var ein rekke forbederingar i barnehagane ved mattilbodet i forhold til rapporten i 2005 (Helsedirektoratet, 2012). Barnehagen sitt måltid var blitt betre etter myndigheitene sine tiltak. Barnet er den som får direkte nytte av det ved å få introduksjon til eit betre kosthald som dei tar med seg inn i vaksenlivet.

6.12 Studien sine svakheiter og styrker

Denne studien har styrker og svakheiter som må takast omsyn til når ein lesar resultatane. Ein styrke er at forskning på barnehagemåltidet er eit gryande forskingsfelt, og at det er mange årsaker til at det er viktig å sikre eit sunt kosthald blant barnehagebarn (Ryslett &

Håberg, 2022). Det er også ein styrke at denne studien ser på ulike faktorar sin påverknad på mattilbodet i barnehagen fordi det er behov for å utforske og forstå andre faktorar som kan vere relevante for å auke kosthaldskvaliteten i barnehagane (Fjæra et al., 2022). Ein svakheit til studien er at det er ein kvalitativ studie som har få barnehagar som er med, og derfor kan heller ikkje resultatet generaliserast på same måte som ein kvantitativ studie ville kunne gjort med større innslag av deltakarar. Nokre spørsmål i studien kunne mogeleg vert formulert betre, å såleis fått eit meir heilskapleg svar. Spørsmålet som gjaldt rammeplanen, inneholdt berre fagområdet «Kropp, bevegelse og helse». Her kunne ein ha valt å tatt med fleire spørsmål. Heller ikkje foreldre og barn sine synspunkt er tatt med anna enn gjennom kva tilsette meiner, noko som kan vere ein svakheit. Innsamla data i denne studien baserer seg på det som informantane sa dei gjer i dei spurte situasjonar. Eg har ingen observasjonar som ser på kva dei faktisk gjer. Funna gjev likevel eit innblikk i tilsette frå tre barnehagar sine meiningar om faktorar sin påverknad av måltidet i barnehagane og bidreg derfor til meir kunnskap innanfor tema mat og måltid i barnehagen

7.0 Avslutning.

Utifrå funna i denne studien verkar det som to av styringsdokumenta, helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen og rammeplanen for barnehagen, er dei faktorane som har mest påverknad på barnehagen sitt mattilbod utifrå studien sine faktorar. Føringsane som ligg nasjonalt er det som legger rammene rundt måltidet. Dei blir ein taus kunnskap som blir miksa med tradisjon – ideologi, rammeplan og retningslinjer. Tilsette har ein noko påverknad på måltidet då det er dei som behandlar, kjøper inn og lagar til måltidet. Her viser det seg at tilsette sin kunnskap innanfor tema mat og ernæring i barnehagen er mykje utifrå eigen interesse. Studien viser at det er sentralt kva kunnskap tilsette i barnehagen har når det gjelder å sikre barn eit sunt kosthald, og som tidlegare forskning viser, at det behov for å auke den matfaglege kunnskapen til tilsette i barnehagen. Mangelfull kunnskap kan vere ein medverkande faktor til at barnehagemåltidet ikkje blir det næringsfulle måltidet som barn treng i ein aktiv barnehagekvardag. Eit godt kosthald i barnehagen er også eit godt bidrag ved å gje barna gode kosthalds vaner dei tar med seg vidare inn i vaksenlivet. Her kunne ein kanskje ynskja at barnehagelærerutdanninga hadde hatt meir fokus på mat og ernæring, slik at tilsette hadde hatt eit større og meir felles kunnskapsgrunnlag enn det barnehagelærerutdanninga legg opp til i dag. I dag er dei tilsette med å vidareføre den tradisjonen som ligger i barnehagen sin kultur når det gjelder mattilbodet og mangel på matfagleg kunnskap gjer til at det ikkje blir innført anna enn små endringar på mattilbodet.

Økonomi påverkar mattilbodet, men påverknaden går ikkje på kostholdet som barnehagane har i dag, men på ynskjer om kva økonomi tilet å gjere ut av måltidet, som t.d. eigen matansvarleg person. Føresette og barn sin påverknad utifrå denne studien, er liten når det gjelder mattilbodet i barnehagen. Begge parter blir både sett og høyrd, men det fører ikkje til store endringar når det gjelder måltidet. Og her er det gjerne barna som blir den «tapande» part då dei blir mest påverka av kva for mattilbodet det er i barnehagen dei går i.

Barnehagelærerutdanninga er den som har minst eller ingen påverknad på barnehagemåltidet utifrå funna i denne studien. Der er fokus på mat og ernæring i utdanningsløpet for barnehagelærarar omtrent totalt fråverande. Kan det vere ein god stad å starte for å gje dei tilsette meir kunnskap? Eller bør det vere ernæringsutdanna personar som har hovudansvaret for mat og måltid, slik som det var institusjonskokkar som var vanlig i barnehagane før 1990? Eg berre spør. Kanskje det også er på tide med ein studie som er slik utforma at barna får komme med sine egne meiningar? Der det i etterkant også utgjer ein forskjell som kjem barna til gode!

Referanser:

- Amendor AS. (2023). Kronosystem. [Bronfenbrenners modell - Pedagogisk arbeid - NDLA](#)
- Anker, T. (2020). *Analyse i praksis. En håndbok for masterstudenter*. (2.utg.). Cappelen Damm AS.
- Bae, B., (2005). Troubling the identity of a researcher: methodological and ethical questions in cooperating with teacher-carers in Norway. *Contemporary Issues in Early Childhood*, 3(6), 283 -291 doi: 10.2304/ciec.2005.6.3.8
- Barnehage.no (2023). <https://www.barnehage.no/>
- Bronfenbrenner, U. (1979). *the Ecology of Human Development. Experiments by Nature and Design*. United State of America: Harvard University Press.
- Christoffersen, L. & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærarutdanningene*. Abstrakt forlag AS.
- Ciren, B. (2021). *Mat- og måltidspolitik og retningslinjer i barnehager i Norge og Kina: En komparativ analyse*. European Early Childhoos Education Research Journal, 29(4), 601-616.10.1080/1350293X.20211941170
- Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving* (7. Utg.). Gyldendal
- Eng, K. F., Lekhal, R., Eriksen, M. L., Helseth, S., & Lekhal, S. (2021). Mat- og måltidspraksisen i et utval Norske barnehagar – en deskriptiv studie. *Norsk tidsskrift for ernæring*, 12(4), 1-12. <https://doi.org/10.18261/ntfe.19.4.19>
- Forbrukerrådet. (2018). Barnehagemat: Næring til liv, lek og læring. Henta frå <https://fil.forbrukerradet.no/wp-content/uploads/2018/08/20180710-ke-appetitt-barnehage.pdf>
- Fossgard, E., Holthe, A., Wergedahl, H., & Aadland, E. K. (2016). Lunsjmåltidet i barnehagen som en sosial og pedagogisk arena. *BARN-Forskning om barn og barndom i Norden*, 34(3), 7– 22.
- Fjæra, K., Lekhal, R., Helseth, S., Småstuen, M., & Lekhal, S. (2022). Food budget in kindergarten-is there an association with diet quality? (2022) *Oslo Metropolian University*, <https://doi.org/10.21203/rs.3.rs-1740904/v1>

- Greve, A., Garnier, P., Ulvik, O. S., Øien, I., Chantseva, V., Fallang, B., Gullbrandsen, L. M., & Rayna Sylvie. (2019). *Matpraksis og risikokonstruksjoner i Norske og franske barnehager* European Early Childhood Education Research Journal. 27:4, 494-505, DOI: 10.1080/1350293X.2019.1634236
- Helsedirektoratet. (2012). *Måltider, fysisk aktivitet og miljøretta helsevern i barnehagen. En undersøkelse blant styrere og pedagogiske ledere. (Rapport 15-0345).* Helsedirektoratet.
- Helsedirektoratet. (2016). *Kostrådene og næringsstoffer.* Nasjonale faglige råd.
<https://www.helsedirektoratet.no/faglige-rad/kostradene-og-naeringsstoffer>
- Helse- og omsorgsdepartementet. (2017). *Nasjonal handlingsplan for bedre kosthold (2017 – 2021). Sunt kosthold, måltids glede og god helse for alle! [Nasjonal handlingsplan for bedre kosthold \(2017–2021\) Sunt kosthold, måltids glede og god helse for alle! \(regjeringen.no\)](#)*
- Helsedirektoratet. (2018). *Nasjonal faglig retningslinje for mat og måltider i barnehagen.* Oslo: Helsedirektoratet <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/mat-og-maltider-i-barnehagen>
- Hennum, B.A og Østrem, S. (2016). *Barnehagelæreren som profesjonsutøver.* Oslo. Cappelen Damm Akademiske.
- Himberg-Sundet, A., Kristiansen, A. L., Bjelland, M., Moser, T., Holte, A., Andersen, L. F. & Lien, N. (2019). Is the environment in kindergarten associated with the vegetables served and eaten? The BRA Study. *Scandinavian Journal of Public Health*, 47(5). 538-547. <https://doi.org/10.1177/1403494818756702>
- Homme, A., Danielsen, H., & Ludvigsen, K., (2020) Implementeringen av rammeplan for barnehagen. Underveisrapport fra prosjektet Evaluering av implementering av rammeplan for barnehagen. *Rapport nr. 37/2020, NORCE Samfunn.*
- Høgheim, S. (2020). *Masteroppgaven i GLU.* Fagbokforlaget
- Johannessen, B., Helland, S. H., Bere, E., Øverby, N. C., & Fegran, L. (2018). “A bumpy road”: Kindergarten staff's experiences with an intervention to promote healthy diets in toddlers. *Appetite*, 127, 37-43.

- Kamisaka, Y., & Wergedahl, H., (2022). Mattilbud og håndhygiene i forbindelse med måltider i barnehagen basert på studenters praksisoppgave. *Nordisk barnehageforskning*, 19(1). <https://doi.org/10.23865/nbf.v19.254>
- Kunnskapsdepartementet. (2005). *Lov om barnehagen*. Kunnskapsdepartementet.
- Kunnskapsdepartementet, (2017). *Rammeplanen for barnehagar. Innhold og oppgaver. [Rammeplan for barnehagen \(udir.no\)](#)*
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju*. (3. utg.) Gyldendal
- Litteraturstudie for Fødevarestyrelsen, (2013). Maddannelse, madmod og madglæde Hvilken betydning har daginstitutioners madkultur og måltidspædagogik? *Institut for Fødevarer- og Ressourceøkonomi*. Københavns universitet. <https://raadeforsundmad.dk/wp-content/uploads/2020/01/06-01-2013-maddannelsesrapport.pdf>
- Lovdata, (2005). *Lov om barnehagar* (LOV-2005-06-17-64). Lovdata. [Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#)
- Lovdata, (2012). *Forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanning*, (FOR-2012-06-04-475). Lovdata <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2012-06-04-475>
- Lovdata, (2015). *Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager*. (FOR-2015-10-09-1166). Lovdata [Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager - - Lovdata](#)
- [Meld. St. 19. \(2015-2016\). Tid for lek og læring – Bedre innhold i barnehagen. Kunnskapsdepartementet Meld. St. 19 \(2015–2016\) - regjeringen.no](#)
- Ryslett, K., & Håberg, L.I. (2021). Korleis blir det arbeidd med utvikling av smakpreferansar i barnehagen. *Norsk tidsskrift for ernæring*, 19(4), 6-12. <https://doi.org/10.18261/ntfe.19.4.2>
- Ryslett, K., & Håberg, L. I. (2022). Matomsyn i barnehagemåltidet i eit berekraftig folkehelseperspektiv. *Bærekraft: Fjordantologien 2022*, 128-145.
- Sallis, J. F., Owen, N., & Fisher, E. B. (2008). Ecological models of health behavior. In K. Glanz, B. K. Rimer, & K. Viswanath (Red.), *Health behavior and health education: Theory, research and practice* (s. 465–482). Jossey-Bass.

Statistisk sentralbyrå. (2022). *Barnehagar, 03.mars 2022.*

<https://www.ssb.no/utdanning/faktaside/barnehager>

Statistisk sentralbyrå, (2022). *Foreldrebetaling i barnehager, januar 2022.* Rapporten 2022/17

<https://www.ssb.no/utdanning/barnehager/artikler/foreldrebetaling-i-barnehager-januar-2022>

Strand, M.S., (2022). Barnehagen har et ansvar for å servere mat som gjør barn sunne og sterke. *Utdanningsnytt. 19. april.2022.* – [Barnehagen har et ansvar for å servere mat som gjør barn sunne og sterke \(utdanningsnytt.no\)](#)

Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitative metoder.* (5. utg.). Fagbokforlaget.

Tetzchner, S. von. (2020). *Utviklingspsykologi* (2.utg). Gyldendal.

Utdanningsdirektoratet, (2023). *Foreldreundersøkelsen i barnehager.* [Foreldreundersøkelsen i barnehage \(udir.no\)](#)

Utdanning.no, (2023). Utdanningsbeskrivelse /Barnehagelærerutdanning.

[Barnehagelærerutdanning | Oversikt over alle utdanninger | Utdanning.no](#)

Villegas, E., Sutter, C., Koester, B., & Fiese, B. H. (2020). *Barriers to Implementing a Healthy Habits Curriculum in Early Childhood Education: Perspectives from Childcare Providers and Teachers* Early Childhood Education Journal (2021)

<https://doi.org/10.1007/s10643-020-01099-5>

Wergedahl, H., Fossgard, E., Aadland, E.K. & Holte, A. (2021). Children`s Food Choices during Kindergarten Meals: E.E. Ødegaard & J. S. Borgen (Red.), *Childhood Cultures in Transformation 30 Years of the UN Convention on the Rights of the Child in Action towards Sustainability* (s. 138-161). Brill.

Øvrebø, E., M., (2017). *What are student preschool teachers learning about diet in their education in Norway?* International journal of consumer studies. *41*(1) 28 -35.

Aadland, E. K., Holte, A., Wergedahl, H., & Fossgard, E. (2014). Fysiske faktorerers betydning for mat- og måltidstilbudet i barnehagen - en casestudie. *Tidsskrift for Nordisk barnehageforskning. Nordic Early childhood Education Research Journal. 8* (8), 1-17

Vedlegg 1 Informasjon til barnehagane i forkant

Kort om masteroppgåva «Faktorar som påverkar mattilbodet i barnehagen» og ho som skriv den.

Hei!

Mitt namn er Anny-Mari Holm, eg er 49 år, har tre vaksne barn og har jobba i barnehage som styrar sidan eg var ferdig utdanna barnehagelærer i 2003. Eg held no på med eit masterstudium i barnehagekunnskap på Høgskulen på Vestlandet med studieplass Bergen. I den forbindelse så skal eg skrive ein master innanfor temaet mat i barnehagen. Eg skal ikkje sjå direkte på kva for mat som er i barnehagane, men konsentrere meg om kva for faktorar det er rundt barnet sin oppvekst som er med på å påverke barnehagemåltidet.

Dykkar barnehage er ein av tre barnehagar som er med som informantar på denne masteroppgåva.

Vedlagt er det eit samtykke skriv som eg ber dykk om å lese å signere før eg kjem og gjer intervju i dykkar barnehage. Det er sjølvsagt heilt frivillig å delta.

Eg er takknemleg og setter stor pris på at de er villige til å stille som informantar på masteroppgåva mi.

Med beste helsing

Anny-Mari Holm

Vil du delta i forskingsprosjektet

«Faktorar som påverkar mattilbodet i barnehagen»?

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å sette fokus på faktorar som har påverknad på måltidet i barnehagen. I dette skrivet gjev eg deg informasjon om måla for prosjektet og om kva deltaking vil innebere for deg.

Føremål

Dette er eit masteroppgåve med temaet mat i barnehagen. Føremålet er å sjå på faktorar som er med på å bestemme kva for måltid som blir servert i barnehagen.

Problemstillinga til prosjektet er: Kva for faktorar er med å påverke mattilbodet i barnehagen.

Intervjua blir berre nytta i dette prosjektet og skal ikkje brukast til andre prosjekt. Alt av innsamla informasjon vil bli sletta etter at masteroppgåva er levert.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Høgskulen på Vestlandet er ansvarleg for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Din barnehage er ein av tre andre barnehagar i Noreg som har sagt ja til å vere med i dette prosjektet.

Kva inneber det for deg å delta?

Ved å delta i dette prosjektet så vil du vere med på eit intervju der temaet er mat i barnehagen din.

Intervjuet er rekna til å vare i 30 – 45 minutt.

Det vil bli tatt lydopptak under intervjuet. Dei vil bli sletta etter at masteroppgåva er levert.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysingane dine

Vi vil berre bruke opplysingane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Det er berre student som har tilgang til lydfila som blir tatt opp i intervjuet med deg. Opptaka som blir gjort blir og lagra på eigen lydfil som ikkje på nokon måte blir tilknytt nett.

Kva skjer med opplysingane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Opplysingane blir anonymiserte. Når prosjektet er avslutta/oppgåva er godkjend blir alle data som er innsamla sletta. Seinast innan juli 2024.

Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?

Vi behandlar opplysingar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå Høgskulen på Vestlandet har Personverntjenester vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Dine rettar

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysingar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysingar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med: Hege Wergedahl, Hege.Wergedahl@hvl.no, tlf. 55585854

Dersom du har spørsmål knytt til Personverntjenester si vurdering av prosjektet kan du ta kontakt med:

Personverntjenester, på e-post (personverntjenester@sikt.no) eller på telefon: 53 21 15 00.

Personvernombud ved Høgskulen på Vestlandet er Trine Anikken Larsen.

Kontaktinformasjon er: Trine.Anikken.Larsen@hvl.no Tlf. : 55 58 76 82

Venleg helsing

Prosjektansvarleg
(Forskar/rettleiar)

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet *Faktorar som påverkar mattilbodet i barnehagen* og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Vedlegg 3 Intervjuguide styrar og pedagogisk leiar

Intervju guide styrar

Barnehagens mattilbod:

1. Er måltidet som var i dag representativt for det mattilbodet barnehagen har?
2. Kva er grunnen til mattilbodet barnehagen har?
3. Kor mange gangar i løpet av ei veke får barna tilbud om:
 - Fisk - kjøtt – Grønnsaker – Frukt

Tilleggsspørsmål: Er det bevissthet rundt dette valget?

Føresette:

4. Kor viktig er mattilbodet for foreldre?
 - a. På kva måte
5. Kva kostar det å få dette tilbodet for foreldra?
 - a. Har dei mogelegheit for å velje eit anna tilbod – velje vekk?
6. Er prisen på mattilbodet noko som foreldra er opptatt av?
7. Er føresette opptatt av at barna har mange val i kvardagen når det gjelder mat?
8. Trur du – veit du om barnehagens sitt mattilbod har hatt noko å sei for at dei valte dykkar barnehage?

Styrar sine erfaringar og haldningar:

9. Kva for påverknad har du hatt på mattilbodet?
10. Er du fornøgd med mattilbodet som er i barnehagen?
 - a. Kvifor - kvifor ikkje
11. Kven har det daglege ansvaret for maten i barnehagen?
12. Kor viktig meiner du mat er i barnehagen?
13. Er økonomi ein del av det som bestemmer mattilbodet i barnehagen?
 - a. På kva måte?
14. Vis du fekk velje fritt, korleis hadde mattilbodet i barnehagen sett ut?
15. Kva for påverknad har barna på maten som blir servert i barnehagen?

Utdanning:

16. Kva tenker du om utdanninga når det gjelder spørsmålet om mat og ernæring i kvardagen til barna?
17. Meiner du at utdanninga bør ha meir fokus på mat enn det som er i dag?

Helsedirektoratet sine retningslinjer: Og Rammeplan

18. Kor opptatt er du av at barnehagen følgjer helsedirektoratet sine retningslinjer for mat i barnehagen?
19. Er foreldre opptatt av helsedirektoratet sine retningslinjer for mat i barnehagen?
20. Er helsedirektoratet sine retningslinjer noko dei tilsette er bevisste på?
 - a. Korleis – korleis ikkje?

21. Nokre av retningslinjene de er spesielt opptatt av å følgje?
22. Kor enkelt er det å følgje desse i høve barnehagen sitt måltid?
23. Rammeplanen har mat som eit av fagområda i lag med Kropp, bevegelse og helse. Synes du dette fagområdet gjev kunnskap om mat i barnehagen. Kvifor – Kvifor ikkje?
Svar:
24. Kor viktig er matglede og matkultur i barnehagen? (Kva meiner du?)

Intervju guide pedagogiske leiarar

Barnehagens mattilbod:

1. Måltidet som vart servert i dag, er det eit vanlig måltid for barnehagen?
2. Kva er grunnen til eit slikt mattilbod? Som barnehagen dykkar har
3. Korleis vil du sei at økonomi påverkar mattilbodet i barnehagen?
4. Kor mange gangar i løpet av ei veke får barna tilbod om:
 - Fisk
 - Grønsaker
 - Frukt

Føresette:

5. Kor viktig er mattilbodet for foreldre?
6. Er prisen på mattilbodet noko som foreldra er opptatt av?
7. Er føresette opptatt av at barna har mange val i kvardagen når det gjelder mat?
8. Trur du – veit du om barnehagens sitt mattilbod har hatt noko å sei for at dei valte dykkar barnehage?
9. Får de mange kommentarar på mattilbodet dykkar frå føresette?

Tilsette sine erfaringar og haldningar

10. Kva for påverknad har du på mattilbodet?
11. Kor fornøgd er du med mattilbodet som er i barnehagen?
12. Kven har det daglege ansvaret for maten i barnehagen?
13. Kva er viktig for deg med mattilbodet i barnehagen?
14. Vis du fekk velje fritt korleis hadde mattilbodet sett ut i barnehagen?
15. Kva for påverknad har barna på maten som blir servert i barnehagen?

Utdanning:

16. Kva tenker du om utdanninga når det gjelder spørsmålet om mat og ernæring i kvardagen til barna?
17. Har barnehagens sitt pedagogiske ståstad – blick påverknad på kva for mat som blir servert i barnehagen?

18. Kvar har du din kunnskap frå når det gjelder mat i barnehagen?

Helsedirektoratet sine retningslinjer.

19. Kor opptatt er du av at barnehagen følgjer helsedirektoratet sine retningslinjer for mat i barnehagen?
20. Er helsedirektoratet sine retningslinjer noko dei tilsette er bevisste på? Kva tenker du? (Eventuelt)
21. Nokre av retningslinjene de er spesielt opptatt av å følgje?
22. Kor enkelt er det å følgje desse i høve barnehagen sitt måltid?
23. Er foreldre opptatt av helsedirektoratet sine retningslinjer for mat i barnehagen?
24. Rammeplanen har mat som eit av fagområda i lag med Kropp, bevegelse og helse. Synes du dette fagområdet gjev kunnskap om mat i barnehagen. Kvifor – Kvifor ikkje?
25. Kor viktig er matglede og matkultur i barnehagen? (Kva meiner du?)